

Årsrapport 2023



Illustrasjoner: Trond Kulterud, HAN SOM TEGNER

Layout og trykk: Aksell.no

Grunnlagsdata for tal og statistikk i årsrapporten finn du på nettstaden vår: www.lottstift.no

Innhald

1	Del 1 – Oppsummering	4
	Året då vi verkeleg såg effekten av regulering	4
2	Del 2 – Introduksjon	6
	Dette er Lotteri- og stiftelsestilsynet	6
3	Del 3 – Aktivitetar og resultat	12
	Slik jobbar vi for å sikre ansvarlege pengespel	12
	Slik jobbar vi for å sikre ei sterk frivilligheit	24
	Slik jobbar vi for å sikre trygge stiftelsar	38
	Slik jobbar vi for å styrke brukarane og vere ein synleg og relevant samfunnsaktør	52
4	Del 4 – Styring og kontroll	58
	Intern styring og kontroll	58
5	Del 5 – Framtidsutsikter	66
	Vurdering av framtidsutsikter	66
6	Del 6 – Årsrekneskap	68
	Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen	68
	Prinsippnote til årsrekneskapen	70
	Løyvingsrapport for 2023	71
	Artskontorapport for 2023	73

Direktøren si innleiing:

Året då vi verkeleg såg effekten av regulering

Speleproblema er halverte i Noreg, og dei utanlandske speltilbydarane er på veg ut av den norske marknaden. Som ein konsekvens stiller vi strengare krav til dei norske speltilbydarane. 2023 skriv seg inn i historiebøkene som året då vi verkeleg såg effekten av reguleringstiltaka våre.

Etter mange års kamp har vi langt på veg lykkast med å få fleire store internasjonale spelselskap til å trekke seg ut av landet. Blant dei utanlandske tilbydarane er det Unibet, Betsson og ComeOn som har hatt størst marknadsdel i Noreg. Dei trekker seg no ut, etter at vi har hatt tilsyn og pålagt dei å slutte å tilby og marknadsføre pengespel her i landet. Fleire andre spelselskap trekker seg også ut i kjølvatnet av desse sakene.

Stadig fleire bankar stoppar innskot og gevinst til og frå dei ulovlege spelselskapa, og den ulovlege TV-reklamen er stansa. På same tid har Norsk Tipping stramma inn tapsgrensene, og Gjeldsregisteret har gjort det vanskelegare å ta opp forbrukslån.

Resultatet av langsiktig reguleringsarbeid ser vi i den siste befolkningsundersøkinga til Universitetet i Bergen. Den viser at talet på nordmenn med spilleproblem er halvert sidan den førre undersøkinga i 2019. Nedgangen er så stor at det ikkje er tvil om at arbeidet med å stanse dei ulovlege spelselskapa har hatt effekt. Vi fekk også den gjæve prisen «Regulatory Excellence 2023» på den årlege konferansen til International Association of Gaming Regulators. Det vitnar om at vi over tid har jobba godt, og at vi i stadig større grad har lykkast med arbeidet vårt.

Vi veit at reklame for pengespel er skadeleg for dei som har spilleproblem. Etter norsk lov kan einerettsaktørane berre marknadsføre så langt det er nødvendig for å informere om speltilbodet og leie spelelystne til trygge og ansvarlege pengespel. Dette inneber at dei må redusere marknadsføringa si dersom reklametrykket frå dei ulovlege pengespeltilbydarane blir mindre. I 2023 har vi derfor stilt strengare krav til marknadsføring hos både Norsk Tipping og Norsk Rikstoto.

Den nye pengespellova har også medført endringar for bingobransjen. Målet med endringane er å gjere speltilbodet meir ansvarleg. I løpet av året har bransjen mellom anna fått krav om å fjerne autoplay-funksjonen. Dessutan må tilbydarane av bingo oppfylle strengare krav til blant anna internkontroll og eignavurdering.

Norske stiftelsar er viktige aktørar og bidragsytarar i samfunnet

For første gong har vi fått talfesta verdiskapinga i norske stiftelsar. På oppdrag frå Stiftelsestilsynet har Oslo Economics i ein ny rapport estimert at den samla årlege verdiskapinga i norske stiftelsar utgjer over 58 milliardar kroner. Ein del av samfunnsoppdraget vårt er å auke kunnskapen om kva betydning stiftelsane har i samfunnet. Eit godt kunnskapsgrunnlag er dessutan avgjerande for å sikre god forvaltning av stiftelsane.

Stiftelsestilsynet har også prioritert å vidareføre førebyggjande tilsynsarbeid. Mellom anna har vi gjennomført tematisyn på området habilitet og transaksjonar med nærståande, og vi har jobba med rettleiing av stiftelsane. I 2023 har det vore mykje merksemd rundt habilitet i samfunnet generelt, og vi erfarer at det kan vere spesielt vanskeleg for stiftelsar å handtere habilitetsutfordringar. Det har derfor vore viktig for oss å sette søkelyset på dette temaet og auke stiftelsane sin kompetanse på området.

Mot normal drift på frivilligområdet

Dei siste åra har vore prega av ekstraordinære oppgåver knytte til pandemien. I 2023 har vi i stor grad avslutta dette arbeidet.

Aktivitetsnivået hos frivillige lag og organisasjonar har gått opp igjen etter nokre krevjande år, og dermed har dei også fått auka kostnader. Momskompensasjonsordninga fekk rekordmange søknader i 2023, og vi betalte ut nesten 2,5 milliardar kroner til vel 23 000 organisasjonar. For tredje året på rad fekk søkarane full momskompensasjon grunna auke i ramma.

Ordninga for straumstøtte til frivillige lag og organisasjonar blei utvida til å gjelde ut 2024. Gjennom året har vi jobba med ein ny berekningsmodell, slik at straumstøtta for frivillige lag og organisasjonar blir tilnærma lik støtta for private hushaldningar.

Å gjere det enklare å vere frivillig i Noreg er viktig for oss. Vi held fram arbeidet med å gjere det så enkelt som mogleg å søke på dei ulike tilskotsordningane våre, og vi prøver stadig ut nye måtar å nå ut med kunnskapen vår på. Vi deltar framleis i arbeidet med livshendinga «Starte og drive en frivillig organisasjon», som er ei av satsingane i regjeringa sin digitaliseringsstrategi. I dette arbeidet er vi med på to store delprosjekt: vidareutvikling av Frivilligregisteret og tilskudd.no.

Gode tilbakemeldingar i omdømmeundersøking

For første gong sidan 2009 deltok vi i IPSOS si årlege profilundersøking av norske etatar og organisasjonar. Konklusjonen er at folk flest har eit godt inntrykk av Lotteri- og stiftelsestilsynet, og at det er i kategorien samfunnsansvar vi kjem aller best ut. Kjennskapen til tilsynet er også relativt god i befolkninga, trass i at vi har relativt små brukargrupper.

Dette er viktig for oss. Vi er avhengige av tillit for å sikre ansvarlege pengespel, ei sterk frivilligheit og trygge stiftelsar. I årsrapporten kan du lese korleis vi har jobba for å utføre dei ulike samfunnsoppdragane våre.

Etter mi vurdering har Lotteri- og stiftelsestilsynet oppfylt krava som tildelingsbrev og styringsinstruks for 2023 stiller til oss.



Førde, 15. mars 2024

Atle Hamar
direktør

Dette er Lotteri- og stiftelsestilsynet

Lotteri- og stiftelsestilsynet skal vere eit av samfunnets viktigaste verkemiddel for å sikre ansvarlege pengespel, sterk frivilligheit og trygge stiftelsar i Noreg.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kultur- og likestillingsdepartementet og har sidan oppstarten i 2001 halde til i Førde i Sunnfjord. Tilsynet er staten sitt forvaltningsorgan på områda pengespel, stiftelsar og frivilligheit. Dei tre områda har felles stabsfunksjonar og direktør.

Lotteritilsynet fører tilsyn og kontroll med dei statlege pengespela for å sikre at dei held seg innanfor rammene som gjeld for ansvarlege pengespel. Vi jobbar også for å sikre at aktørar som driv ulovleg, ikkje skal få fotfeste. Vi arbeider med å hindre kampfiksing og manipulering av idrettskonkurransar, og vi følger opp kvitvaskingslova på lotteri- og pengespelfeltet. Lotteritilsynet sørger for at spelemidlar frå dei regulerte aktørane kjem det norske samfunnet og frivilligheita til gode.

Lotteritilsynet forvaltar også ordninga med momskompensasjon for både frivillige lag og organisasjonar og for bygging av idrettsanlegg. I tillegg forvaltar vi straumstøtte til frivillige lag og organisasjonar, tilskot til frivilligsentralar og tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå speleoverskotet til Norsk Tipping. Vi er dessutan tilsynsorgan for Grasrotandelen.

Stiftelsestilsynet skal sikre at norske stiftelsar driv lovleg og i tråd med formåla, men også bidra til at stiftelsar er ein attraktiv måte å utvikle samfunnet på. Vi rettleiar og fører tilsyn med norske stiftelsar. Dessutan jobbar vi med å dele kunnskap om rolla stiftelsar spelar i det norske samfunnet. I tillegg godkjenner vi endringar i private beslagsforbod, bandlagd pliktdelsarv, uråderettsklausular og samvirkeføretak.

Lotteri- og stiftelsestilsynet driftar tre nasjonale register. Alle norske stiftelsar er registrerte i Stiftelsesregisteret. I Pengespelregisteret ligg det informasjon om lag og organisasjonar som har løyve til å skaffe seg lotteriinntekter. Anleggsregisteret inneheld informasjon om mellom anna anlegg for idrett og fysisk aktivitet, kulturarenaer og løypetiltak i fjellet. I alle tre registera kan publikum søke fram informasjon.

I strategien vår for 2019–2023 har vi tre eksterne ambisjonar: Over heile linja skal vi jobbe for å styrke brukarane, forenkle for frivilligheita og ha smarte tilsyn. For å få til dette har vi fastsett fire interne ambisjonar som skal hjelpe oss på vegen: Vi skal vende blikket utover, forenkle og effektivisere, samarbeide og dele – og ikkje minst utvikle kompetansen vår. Slik skal strategien hjelpe oss å med å løyse oppgåvene våre på best mogleg vis både no og i framtida.

2

Tilsynet sine oppgåver

Tildelingsbrevet for 2023 definerer Lotteri- og stiftelsestilsynet sine mål slik:

1. sikre ansvarlege pengespel, førebygge speleavhengigheit og negative sosiale konsekvensar av pengespel- og lotteritilbodet
2. legge til rette for at overskot frå pengespel og lotteri går til helse- og rehabiliteringsformål, samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur
3. legge til rette for ei effektiv og trygg forvaltning av pengestøtta til frivilligheita
4. sikre ei forsvarleg forvaltning av stiftelsar og auke kunnskapen om den samfunnsmessige betydninga deira
5. bidra til at tilsynet er leiande i å bygge og formidle kunnskap og truverdig informasjon om pengespel, stiftelsar og støtteordningar for frivilligheita

I tillegg har Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2023 hatt nokre særskilde oppdrag:

- følge opp ny lov og forskrift om pengespel, som tredde i kraft 1. januar 2023
- følge opp og førebu nye tilsynsoppgåver i nytt pengespelregelverk
- sikre at Pengespelregisteret inneheld opplysningar i tråd med § 89 i pengespel-forskrifta, og gjennomføre ny godkjenning av ikkje-fortenestebaserte organisasjonar og kringkastarar
- greie ut korleis eit felles, offentleg kontrollert system for registrert spel på bingo skal utformast i tråd med nytt pengespelregelverk
- hjelpe departementet med å førebu eit nytt regelverk om DNS-blokkering og tilsyn etter nytt regelverk
- halde fram med å handheve regelverket overfor ulovlege tilbydarar på den norske spelmarknaden og gjennomføre tiltak for å stenge slike aktørar ute
- følge opp Handlingsplan mot spilleproblemer 2022–2025, og særleg vurdere behovet for tiltak på grunnlag av resultat frå befolkningsundersøkinga om speleproblem i 2023
- utarbeide forslag til nasjonal strategiplan for arbeidet mot manipulering av idrettskonkurransar for perioden 2023–2026/2027.
- føre tilsyn og kontroll med at stiftelsar blir forvalta i tråd med stiftelseslova med forskrifter
- føre Stiftelsesregisteret, der alle stiftelsar skal vere registrerte, og sørge for at registrerte data i størst mogleg grad og til kvar tid er sikre og korrekte
- formidle informasjon om stiftelsesregelverket og forvaltning av stiftelsar, i hovudsak gjennom fellestiltak
- sørge for gode forvaltningsrutinar etter gjeldande stiftelsesregelverk og ha ein rådgivande funksjon overfor Nærings- og fiskeridepartementet på dette området
- sørge for gode forvaltningsrutinar i tråd med regelverket for ordningane for momskompensasjon som gjeld for frivillige organisasjonar og bygging av idrettsanlegg
- føre tilsyn med Grasrotandelen
- forvalte tilskotsordninga for frivilligsentralar
- arbeide med mangfalds- og inkluderingsordninga for idrett og fysisk aktivitet for 2022–2023
- forvalte den mellombelse tilskotsordninga for straumstøtte til frivillig sektor
- følge opp attståande saker som gjeld mellombelse kompensasjonsordningar for frivilligheita i samband med covid-19-utbrotet
- hjelpe departementet med oppfølging av gjennomgangen av momskompensasjonsordninga for frivillige lag og organisasjonar
- hjelpe departementet med gjennomgang av regelverket for Frivilligregisteret, med andre oppgåver knytte til utvikling av registeret, og med digitaliserings- og forenklingstiltak på frivilligområdet knytte til livshendinga «Starte og drive ein frivillig organisasjon»

2

Inntektskomponentar

Lotteri- og stiftelsestilsynet er sjølvfinansiert med gebyr og avgifter. I 2023 var inntektskomponentane slik:

- gebyr og oppdrag (inkl. handlingsplanmidlar): kr 28 011 544
- årsavgift frå stiftelsar: kr 30 174 897
- refusjon – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto: kr 46 845 000

Lotteri- og stiftelsestilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet.

Tabell 1: Utvalde volumtal

Volumtal	2020	2021	2022	2023
Godkjende organisasjonar som kan få løyve til å tilby eller ta imot overskot frå pengespel	5 144	5 056	4 988	4 908
Organisasjonar med løyve til bingo	3 329	3 251	3 323	3 189
Registrerte stiftelsar	6 472	6 385	6 322	6 252
Næringsdrivande stiftelsar	812	802	806	809
Søknader om momskompensasjon på varer og tenester	2 019	1 909	2 186	2 458
Samla tal journalførte dokument i tilsynet	62 045	70 367	71 849	78 213
Sidevisingar på lottstift.no	1 331 436	1 093 233	989 105	793 957
Kontakt med Hjelpelinjen ¹	927	981	1 172	1 143

¹ På grunn av ein feil har ikkje volumtala som gjeld Hjelpelinjen omfatta chat-samtalar i åra 2020, 2021 og 2022. Det er retta frå og med denne årsrapporten.

Tabell 2: Økonomiske nøkkeltal

Nøkkeltal	2022	2023	Endring %
Tal årsverk	75	75	0,0
Samla løyving inkl. tilskotsordningar	3 280 003 000	3 495 033 000	6,6
Rekneskapsførte driftsutgifter	116 300 000	122 817 000	5,6
Lønnsdel av driftsutgifter (prosent)	57	61	7,0
Lønn og sosiale utgifter per årsverk	888 000	993 000	11,8
Samla rekneskapsførte inntekter	109 373 000	122 934 000	12,4
Utnyttingsgrad post 01–29 (prosent)	96,5	98,7	2,3

Kommentarar til endringar i nøkkeltal

Årsverk: Talet på årsverk er uendra.

Samla løyving: Auken kjem av ein netto auke i rammene for tilskotsordningane. Mellom anna blei ramma for momskompensasjon til frivillige lag og organisasjonar auka for å gi full kompensasjon, og vi fekk frå 2023 ansvar for å forvalte ordninga med tilskot til frivilligsentralar.

Driftsutgifter: Auken kjem i hovudsak av auka lønnsutgifter.


2

Lønnsdel: Vi reduserte flere tenestekjøp i 2023, mellom anna til systemutvikling. Kombinert med at lønnsutgiftene auka, gjer dette at lønnsdelen auka med 7 prosent.

Lønn og sosiale utgifter per årsverk: Lønnsoppgjjer og andre faktorar knytte til rekruttering og bemanning forklarar auken i 2023.


Rekneskapsførte inntekter: Vi har hatt ein auke både i oppdragsinntekter knytte til Anleggsregisteret og handlingsplanen mot speleproblem, og i inntekter frå lotteri-gebyr og årsavgift frå stiftelsar.

Lotteri- og stiftelsestilsynet ligg under Kultur- og likestillingsdepartementet. Stiftelseslova ligg under Nærings- og fiskeridepartementet.



2

Organisasjon og leiling



Leiargruppa i 2023



Atle Hamar,
direktør i Lotteri- og
stiftelsestilsynet



Bjørn Leirdal ,
konstituert
kommunikasjons- og
strategidirektør



**Siw Heggedal
Longvastøl,**
avdelingsdirektør,
Stiftelsestilsynet



Stig Starheim,
fagdirektør for økonomi
og verksemdsstyring



**Marianne Skjeldestad
Hove,**
avdelingsdirektør
for frivillighetsstøtte,
Lotteritilsynet



Siv-Karin Hestad,
fagdirektør for
organisasjon og
personale



Henrik Nordal,
avdelingsdirektør
for pengespel,
Lotteritilsynet



Falk Michael Tewes,
fagdirektør for IT og
dokumenthandtering

- Frå 1. oktober blei Tore Bell konstituert som avdelingsdirektør for pengespel. Han er konstituert i fire år for Henrik Nordal, som er blitt varaordførar i Sunnfjord kommune.
- Kommunikasjons- og strategidirektør Marie Havnen var i foreldrepermisjon frå februar og ut året.

Slik jobbar vi for å sikre ansvarlege pengespel

Målretta arbeid har gitt resultat. Det har vore ein stor nedgang i talet på problemspelarar, og det har skjedd endringar i den ulovlege marknaden.

Talet på nordmenn med speleproblem er halvert samanlikna med 2019. Det viser befolkningsundersøkinga vi la fram i 2023. Regulering og tilhøyrande tiltak blir framheva som ei sentral årsak til nedgangen, og dette viser at arbeidet vårt har effekt. Samtidig har 23 000 nordmenn problem med spel, og 93 000 er i risikosona for å få det. Dette er mange menneske, og samfunnsoppdraget vårt – å sikre ansvarlege pengespel – er framleis like viktig.

I den nye lova og forskrifta om pengespel, som fekk verknad frå 2023, blir innsatsen mot speleproblem og krava til ansvarlege pengespel skjerpa. Mellom anna er det no forbod mot VIP-program og mot å tilby bonus- og gratisspel. I løpet av 2023 har mange av endringane i lovverket komme på plass, blant anna forbod mot autoplay. Fleire tiltak er på trappene, blant anna DNS-blokkering og registrert spel på bingo. Vi trur desse tiltaka vil ha effekt på dei som har pengespelproblem.

Det nye regelverket har også gitt Lotteritilsynet sterkare heimlar til å regulere marknadsføringstrykket retta mot norske forbrukarar, og eit tydelegare regelverk overfor ulovleg marknadsføring frå influensarar og ulovlege pengespelaktørar i Noreg.

Lotteritilsynet har vore gjennom fleire rundar i rettssystemet mot nokre av dei store aktørane som tilbyr pengespel ulovleg i Noreg. I alle rettsavgjerder har vi fått medhald. Effekten av både rundar i retten og varsel om tvangsmulkt er at fleire av desse selskapa meir eller mindre frivillig trekker seg ut av Noreg. At slike selskap blir stoppa, reknar vi som ei svært viktig oppgåve, då dei ikkje har tiltak som er ansvarlege nok. Vi ser og opplever også at betalingsformidlingsforbodet er effektivt mot dei ulovlege aktørane. Men vi er ikkje i mål når det gjeld lik handheving av forbodet, og det vil vi prioritere framover.

Når dei ulovlege selskapa blir mindre synlege i både marknadsføring og reklame, er det naturleg at også Norsk Tipping og Norsk Rikstoto justerer reklametrykket dei rettar mot norske forbrukarar. Partane oppnådde semje i løpet av 2023, og dette vil bli tema for tilsyn.

Det nye lovverket har kravd at også bingobransjen set i verk nye tiltak for å sikre ansvarleg spel: Forbod mot autoplay blei innført sommaren 2023, og neste tiltak vil bli registrert spel. Lovlege norske tilbydarar må gjere meir for å bidra til at det blir færrest mogleg problemspelarar.

Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet

1. Sikre ansvarlige pengespill, forebygge spilleavhengighet og negative sosiale konsekvenser av pengespill- og lotteritilbudet.
2. Legge til rette for at overskudd fra pengespill og lotterier tilfaller helse- og rehabiliteringsformål, samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur.

(Frå Kultur- og likestillingsdepartementets tildelingsbrev 2023)

Færre nordmenn har speleproblem

Talet på problemspelarar har gått kraftig ned. Det viser ei ny befolkningsundersøking.

Nær 62 prosent av befolkninga spelar pengespel, viser ei undersøking SPILLFORSK ved Universitetet i Bergen har gjennomført på oppdrag frå oss.

23 000 nordmenn har problem med pengespel. Dette er ei halvering samanlikna med befolkningsundersøkinga frå 2019. Då var talet 55 000. 93 000 er i risikosona for å få problem. Dette er ein nedgang frå 122 000 i 2019.

Sjølv om vi ser ein nedgang, er det framleis altfor mange i Noreg som har speleproblem, og det er viktig å halde fram arbeidet med å regulere pengespelmarknaden.

Reguleringa har effekt

Det kan vere fleire årsaker til at færre har speleproblem. Forskarane bak rapporten forklarar nedgangen med myndigheitene sine tiltak. Færre nordmenn spelar no hos utanlandske spelselskap som ikkje har lov til å tilby spel i Noreg, og det er desse selskapa som har dei mest risikofylte spela. Vi ser altså at arbeidet med å stanse desse selskapa har effekt.



3

Betalingsformidlingsforbudet gjer det vanskelegare å spele hos dei ulovlege aktørane, fordi stadig fleire norske bankar stoppar innsats og gevinst til og frå desse selskapa. Samtidig har Norsk Tipping stramma inn tapsgrensene i kasinospela sine.

Spelarane ser også mindre reklame for pengespel. Nedgangen er størst hos dei ulovlege aktørane, sidan TV-reklamen er borte. Denne TV-reklamen har truleg bidratt til at mange var usikre på kva selskap som er lovlege og ikkje.

Gjeldsregisteret, som kom i 2019, har også gjort det vanskelegare å ta opp stadig nye forbrukslån for å spele pengespel.

Problemspelarar er positive til ansvarlegheitstiltak

Dei som har speleproblem, er meir positive til ansvarlegheitstiltak enn resten av befolkninga.

I Noreg er det berre Norsk Tipping som har lov til å tilby høgrisikospel, og der må ein for eksempel sette grenser for kor mykje ein kan tape. Det gjer at spelinga får mindre konsekvensar for spelarane og familiane deira.

Utanlandske kasinospel, Belago, databingo i lokale, Fantasy og bingospel blir rekna som mest problematiske.

Menn med låg sosioøkonomisk status er ekstra utsette for å få speleproblem, ifølgje undersøkinga. Låg inntekt, låg utdanning og det å stå utanfor arbeidslivet eller å vere fødd utanfor Noreg er blant risikofaktorane for å få problem med pengespel.

Fleire samtalar om kasinospel på Hjelpelinjen

Samtalar om kasinospel dominerer statistikken for Hjelpelinjen i 2023. Over 60 prosent av desse samtalane handlar om ein ulovleg pengespelaktør.

I 2023 er samtalar om kasinospel igjen blitt meir dominerande, og 55 prosent av førstegongssamtalane handla om problem med kasinospel på nett. Totalt var det 1 143 seriøse telefonsamtalar, chatsamtalar og e-postar til Hjelpelinjen i 2023.

Talet på førstegongssamtalar om kasino var 276. Til samanlikning fekk Hjelpelinjen 79 samtalar om oddsspel, som var nest største kategori. I samtalane om kasinospel viste 7 prosent av innringarane utelukkande til Norsk Tipping. Det er ein noko høgare del enn i 2022. 25 prosent viste både til Norsk Tipping og til ulovlege pengespeltilbydarar, og det er ein noko lågare del enn året før. 62 prosent viste berre til ulovlege speltilbydarar. Ser vi på kasinospel, oddsspel og poker under eitt, handla 55 prosent av desse samtalane berre om spel hos dei ulovlege aktørane. Om vi tar med samtalane der både Norsk Tipping og ein ulovleg speltilbydar blei omtala, var ein ulovleg tilbydar tema i 81 prosent av samtalane.

Sjølv om befolkningsundersøkinga frå 2022 viser ei halvering av talet på problemspelarar, speglar altså tala for Hjelpelinjen ikkje denne utviklinga. Årsaka er nok at sjølv om delen problemspelarar går ned, er det framleis få av problemspelarane som søker hjelp for problema sine.

Tala viser at sjølv om den norske modellen kanaliserer betre enn før, er det framleis dei utanlandske aktørane som i størst grad skaper problem. Auken i talet på spelarar som viser både til Norsk Tipping og til ein utanlandsk aktør, kan ha samband med at Norsk Tipping kanaliserer stadig fleire problemspelarar.

3

Delen av spelarar som har problem med hestespel, har stabilisert seg på eit lågt nivå etter at Norsk Rikstoto innførte registrert spel og obligatoriske tapsgrenser. I 2023 var det åtte førstegongssamtalar om hestespel.

I 2023 blei det gjennomført 3 prosent fleire samtalar om pengespel via telefon og chat frå eller om spelarar samanlikna med året før. Det var også ein auke på 4 prosent i førstegongssamtalar om pengespel, men i mange samtalar er det ikkje registrert kva type spel som er problemet.

87 prosent av dei som har problem med pengespel, er menn. 25 prosent er i aldersgruppa 18 til 24 år, og 48 prosent er i aldersgruppa 25 til 39 år.



Fleire ulovlege spelselskap trekker seg ut av Noreg

Selskapa bak mellom anna Unibet, Betsson og ComeOn har tilbydd og marknadsført pengespel ulovleg i Noreg i fleire år. No er dei i ferd med å trekke seg ut av den norske marknaden.

Blant dei ulovlege tilbydarane har desse selskapa hatt størst marknadsandel i Noreg. Selskapa bak Unibet og Betsson trekker seg ut etter at vi hadde tilsyn og påla dei å slutte å tilby og marknadsføre pengespel i Noreg. Selskapet bak ComeOn trekker seg ut etter at vi varsla om det same.

I tillegg registrerer vi at andre selskap er i ferd med å trekke seg ut, utan at vi har sendt varsel eller vedtak.

Dette fører til eit tryggare og meir ansvarleg speltilbod i den norske marknaden, og det vil førebygge at spelarar får problem. At selskapa trekker seg ut, viser også at Noreg ikkje lenger er ein like lukrativ marknad for ulovlege selskap, og at reguleringa har effekt.

3

Unibet-eigar trekker seg ut etter tvangsmulkt

I 2022 gav Lotteritilsynet Trannel ei tvangsmulkt på nær 1,2 millionar kroner per dag, om dei ikkje slutta å tilby pengespel i Noreg. Trannel står mellom anna bak spelsidene Unibet, Mariacasino og Storspiller. Vi varsla også BML Group om tvangsmulkt. Selskapet står mellom anna bak Betsson, Betsafe og Nordicbet.

No har begge desse selskapa og fleire andre varsla oss om at dei trekker seg ut av den norske marknaden.



Faksimile Finansavisen

Varslar fleire tilsyn

Vi kjem til å ha fleire tilsyn med ulovlege selskap, med mindre dei informerer oss om at dei vil trekke seg ut av Noreg. Vi tilbyr rettleiing til selskap i prosessen med å trekke seg ut.

Tvangsmulkt gjer det vanskelegare for dei ulovlege selskapa å operere i Noreg. Det gjer også betalingsformidlingsforbodet, som inneber at norske bankar stoppar innsats og gevinst til og frå dei ulovlege selskapa. I tillegg er den ulovlege TV-reklamen frå desse selskapa stoppa.

I 2024 risikerer dei ulovlege selskapa også at nettsidene deira blir blokkerte, når regelverket om DNS-blokkering truleg trer i kraft.

Selskapa bak desse spelsidene er i ferd med å trekke seg ut av den norske marknaden etter tilsyn frå Lotteritilsynet:

- Unibet
- Mariacasino
- Storspiller
- Bingo
- Betsson
- Betsafe
- Nordicbet
- Norgesautomaten
- CasinoEuro
- ComeOn
- Bet365
- Folkeriket
- GetLucky
- Mobilebet
- Mobilautomaten

Tilsyna med selskapa bak desse nettsidene er ikkje avslutta, med unntak av Bet365.

I tillegg registrerer vi at følgjande spelsider er blitt stengde for den norske marknaden i løpet av 2023 (utan pålegg/tilsyn):

- LeoVegas
- Royal Panda
- Pokerstars
- Betfair
- Pinnacle

3

Åtvaring frå Lotteritilsynet stoppa influensarar

I 2023 har vi auka innsatsen mot ulovleg marknadsføring i sosiale medium. Mange influensarar har slutta å marknadsføre farlege, ulovlege spel.

Ulovlege spelselskap har lenge brukt influensarar, idrettsprofilar eller andre kjendisar som ambassadørar. Dette er aktørar med stor kraft til å påverke, og denne typen marknadsføring fører til ei normalisering av dei farlegaste pengespela, særleg hos barn og unge.

Kartla nær 50 profilar

Hausten 2022 åtvara vi influensarar og ambassadørar om at dei kunne risikere gebyr. Vi varsla også tilsyn mot influensarar. Då vi tidleg i 2023 hadde ein eigen influensaraksjon, såg vi at åtvaringa vår og det nye regelverket hadde hatt effekt. Vi kartla opp mot 50 profilar som tidlegare har bidratt til marknadsføring av pengespel, eller som vi veit har hatt tilknytning til ulovlege pengespel.

Det vi fann er at mange influensarar har stoppa marknadsføringa av farlege og ulovlege pengespel. Vi kjem likevel til å følge opp med fleire tilsyn.

Ulovleg direktestrøyming på Twitch

Influensaraksjonen viste at det skjer ein del strøyming av ulovlege pengespel, særleg gjennom strøymekanalen Twitch. Vi får også ein del tips om at influensarar strøymar at dei spelar hos ulovlege selskap.

Vi har kontakta Twitch og informert om regelverket. I tillegg har vi hatt fleire tilsynsaker mot aktørar som bruker plattformen, og vi kjem til å følge med vidare.

Skal undersøke om bankar stoppar innsats og gevinst til og frå ulovlege selskap

For første gong har Lotteritilsynet tilsyn med om norske bankar avviser ulovlege pengespeltransaksjonar.

Norske bankar skal ifølge betalingsformidlingsforbodet stoppe innsats og gevinst til og frå ulovlege spelselskap. Hausten 2023 orienterte vi 37 norske bankar om at vi skal føre tilsyn med etterlevinga av betalingsformidlingsforbodet.

Vil sikre at forbodet er effektivt

Lotteritilsynet gjer vedtak og pålegg bankane å avvise transaksjonar til og frå bestemte kontonummer og føretak, og no skal vi undersøke korleis bankane følger opp dette.

Målet med tilsynet er først og fremst å hente inn kunnskap for å sikre at forbodet er effektivt.

Tilsynet blir ferdig i 2024, og vi kjem til å ha fleire tilsyn knytte til betalingsformidlingsforbodet framover.

3

Ei av årsakene til at færre har speleproblem

Betalingsformidlingsforbudet blir trekt fram som ei av årsakene til at færre nordmenn har speleproblem. Det er fordi det blir vanskelegare å spele hos desse selskapa dersom ein får problem med å satse pengar eller ta ut gevinsten.

Når bankane skal stoppe pengeoverføringer til og frå ulovlege selskap, kan dei også vere den første staden speleproblem blir oppdaga. Stadig fleire bankar kontaktar kundar som spelar hos ulovlege spelselskap, viser ei undersøking Lotteritilsynet gjorde i 2022.

Norsk Tipping og Norsk Rikstoto skal marknadsføre mindre

Den ulovlege pengespelreklamen på TV er borte, og då må også einerettsaktørane redusere marknadsføringstrykket.

Reklame for pengespel er skadeleg for dei som har speleproblem. Etter norsk lov kan einerettsaktørane berre marknadsføre så langt det er nødvendig for å informere om speltilbodet og leie spelelystne til trygge og ansvarlege pengespel. Dette inneber at dei må redusere marknadsføringa si dersom reklametrykket frå dei ulovlege pengespeltilbydarane blir mindre.

Norsk Tipping skal kutte 45 millionar

I 2023 påla vi Norsk Tipping å kutte i marknadsføringa si, fordi reklamen for ulovlege pengespel blei borte frå norske TV-skjermar. Ei lovendring gjorde det nemleg mogleg for Medietilsynet å pålegge norske distributørar å stoppe den ulovlege reklamen.

Lotteritilsynet påla Norsk Tipping å kutte minst 20 prosent av marknadsføringskostnadene frå 2022 til 2023, sidan selskapet ikkje hadde sett i verk tilstrekkelege tiltak for å tilpasse marknadsføringa si etter at den ulovlege reklamen forsvann. Norsk Tipping klaga på vedtaket, og det førte til at vi justerte grunnlaget vi berekna kuttet ut frå, og forlenga fristen. Norsk Tipping skal redusere marknadsføringskostnadene sine med minst 45 millionar kroner innan 30. juni 2024.



Norsk Rikstoto skal kutte 3,4 millionar

Norsk Rikstoto la sjøve fram ein tiltaksplan for kutt i marknadsføringa si. Dei skal kutte nær 3,4 millionar kroner.

Grunnen til at Norsk Rikstoto skal kutte mindre enn Norsk Tipping, er at dei to selskapa møter ulik konkurranse frå dei ulovlege aktørane. Den ulovlege pengespelreklamen er først og fremst for nettkasino, eit tilbod Norsk Tipping også har.

Ny, stor spørjeundersøking om kampfiksing i Noreg

I 2023 sende Lotteritilsynet ut ei spørjeundersøking til idretten.

Undersøkinga blei gjennomført i desember, og ho blei send til utøvarar, trenarar og dommarar i fotball, handball, ishockey og basketball. Målet med undersøkinga var å kartlegge omfanget av førespurnader om kampfiksing, spel på eigne kampar og misbruk av innsideinformasjon. Vi ville også undersøke kjennskapen til regelverket.

Det kom inn over 1 800 svar på undersøkinga. Vi sende ut ei tilsvarende undersøking hausten 2021 og har dermed eit godt datagrunnlag for å sjå utviklinga dei siste to åra. Funna frå undersøkingane gir oss verdifull kunnskap i det vidare arbeidet mot kampfiksing.

Funna viser at 1,5 prosent av dei spurde i løpet av dei siste to åra har blitt kontakta av nokon som ønsker å påverke resultatet av eller ei hending undervegs i ein idrettskonkurranse. Det tilsvarende talet i 2021 var 1,1 prosent. Funna viser også at 4,6 prosent av dei spurde kjenner nokon som i løpet av dei siste to åra har blitt kontakta. Vidare ser vi at 4,6 prosent av dei spurde har blitt kontakta av nokon som ønsker innsideinformasjon.



I undersøkinga kartla vi kjennskapen til regelverket mot manipulering av idrettskonkurransar. Skalaen gjekk frå 1 (svært liten kjennskap) til 5 (svært stor kjennskap). Blant dei spurde var snittskåren på 2,73. I 2021 var snittskåren på 2,47, og vi ser at kunnskapen har auka innan alle idrettar og blant alle roller. Kjennskapen er høgast blant dommarar og lågast blant utøvarar. 12,5 prosent svarer at dei har fått opplæring i regelverket.

Vi spurde også om forholdet til pengespel. Her fann vi blant anna at 1,2 prosent av dei spurde har satsa pengar på idrettskonkurransar dei sjølve har deltatt i.

Meir data

Lotteritilsynet samarbeider med ei rekke aktørar i kampfiksingsarbeidet, og frå oddsovervakingssystemet til United Lotteries for Integrity in Sports (ULIS) får vi no automatiske alarmer. Dei automatiske alarmane kjem ved store oddsendringar og høge spelvolum. Slike alarmer, saman med tips og varsel, gir oss viktig informasjon om idrettskonkurransar vi bør undersøke nærare.

Kampfiksingsseminar auka kunnskapen

I juni arrangerte Lotteritilsynet seminar for dei relevante aktørane innan kampfiksingsarbeidet i Noreg. Blant deltakarane var dei nasjonale pengespeltilbydarane, NIF, NIFs utøvarkomité og ei rekke sær-idrettsforbund.

3

Under seminaret presenterte Play Fair Code ei kampfiksingssak som blei rulla opp i Austerrike i 2021/2022, og som enda med fengsel og bøter. Sportradar hadde ei økt om opplæring og førebygging, og Norsk Tipping presenterte prosjektet «Ansvarlighet i fotballen». Seminaret gav nyttig påfyll av kunnskap til deltakarane og inspirasjon til vidare arbeid.

Det nordiske samarbeidet er styrkt

Samarbeid på tvers av landegrenser gir resultat.

Lotteritilsynet samarbeider med spelmyndigheitene i Europa gjennom Gambling Regulators European Forum (GREF). I 2023 har vi slutta oss til ei felles erklæring om å jobbe aktivt saman for å stoppe dei ulovlege pengespela. Medlemslanda i GREF har ulike lover og reglar, men alle uroar seg for ulovlege pengespel som ikkje beskyttar spelarane på same måte som dei lovlege. I GREF utvekslar vi informasjon og kunnskap om desse pengespela og tiltak for å stanse dei.

Vi samarbeider også om felles tiltak mot ulovlege pengespel. Mellom anna har vi i 2023 tatt eit fellesnordisk initiativ: Saman med spelmyndigheitene i Danmark, Sverige og Finland har vi gått i dialog med Google for å stoppe ulovleg marknadsføring av pengespel i deira kanalar. Dette har Google følgt opp, og dei har fjerna annonsar for og anna innhald om ulovlege pengespel som er i strid med pengespellova og deira egne retningslinjer.

I 2023 vann Lotteritilsynet den internasjonale prisen IAGR Awards for Regulatory Excellence. Juryen la i si vurdering vekt på at Noreg har greidd å halvere talet på personar med pengespelproblem sidan 2019. Juryen trekte også fram at Lotteritilsynet deler denne kunnskapen om effekten av reguleringstiltak med andre myndigheiter.



I 2023 vann Lotteritilsynet den internasjonale prisen IAGR Awards for Regulatory Excellence. Direktør Atle Hamar tok imot prisen, her med seniorrådgivarane Trude Felde og Frank Hoff Hana..

I mai var Lotteritilsynet vertskap for årets GREF-konferanse. Bergen var konferansestad og viste seg vêrmessig frå si beste side til dei vel 100 deltakarane frå ulike europeiske land.



Lotteritilsynet var vertskap for GREF-konferansen i 2023.

Internasjonalt arbeider vi aktivt i organisasjonane EASG, GREF og IAGR, og i arbeidsgrupper som spring ut frå desse organisasjonane

Nye vilkår også for den private pengespelmarknaden i 2023

Den nye pengespellova har medført endringar for bingobransjen. Formålet er å gjere tilbodet tryggare og meir ansvarleg.

I løpet av året har bransjen mellom anna fått krav om å fjerne autoplay-funksjonen. I tillegg må tilbydarane av bingo oppfylle strengare krav til blant anna internkontroll og eignavurdering.

Omsetninga ved bingohallane per tredje kvartal 2023 er på same nivå som for 2022, sjølv om vi ser at det er blitt færre bingohallar.

Oppdaterte tal for nettbingo per 30.09.2023

Måltal/ år	Per 30.09.2022	Per 30.09.2023
Brutto omsetning frå hovudspel på nett	292 400 277 kr	289 732 837 kr
Brutto omsetning frå hovudspel totalt	932 937 436 kr	918 791 606 kr
Andel hovudspel på nett av total omsetning	31,3 %	31,5 %
Tal bingohallar med hovudspel på nett	203	190
Tal bingohallar totalt	225	204

Tilsyn og kontrollar

Lotteritilsynet hadde få og avgrensa fysiske kontrollar av bingohallar i 2023. Kontrollane var i stor grad knytte til oppfølging av konkrete tips om regelbrot i nokre hallar. I tillegg arbeidde vi med å få på plass det nye regelverket for alle aktørane i marknaden, og vi ville gi aktørane nok tid til å tilpasse seg endringane.

3

Per tredje kvartal har vi kontrollert 631 bingorekneskap fordelt på til saman 216 bingohallar. Det gjenstår kontroll av rundt 200 bingorekneskap for fjerde kvartal 2023 (bingo med medhjelpar). I tillegg skal vi føre kontroll med rekneskapane til alle som fekk løyve til bingo med medhjelpar eller radio-/TV-bingo. Resultatet av kontrollane viser at bransjen i stor grad følger gjeldande reglar for utbetaling. I 2023 var det éin medhjelpar som mista godkjenninga på grunn av manglar ved rekneskapen.

Kontroll mot kvitvasking

Lotteritilsynet gjennomførte i 2023 tilsyn med utvalde bingoentreprenørar etter kvitvaskingsregelverket. Fire tilsyn er avslutta, medan fire tilsyn som vi starta opp våren 2023, ikkje er ferdige. Vi gjennomførte tilsyna som dokumenttilsyn. For Lotteritilsynet var det blant anna sentralt å kontrollere i kva grad bingoentreprenørane har fått på plass risikovurderingar, rutinar og opplæring i tråd med krava. Funna viser at dei fleste har innført eit system og gjennomført risikovurderingar. Så langt ser vi at risikovurderingane og rutinane ofte er overordna og generelle, og i mindre grad tilpassa den enkelte verksemda.

Tilsyna viser også at bingoentreprenørane sjeldan undersøker mistenkelege transaksjonar, og at dei ikkje rapporterer til Økokrim. Det skal vere låg terskel for å undersøke nærare og å sende MT-rapportar til Økokrim. Det å få bingoentreprenørane til å forstå at dei har ei viktig rolle her, er noko vi vil ha fokus på framover.

185 organisasjonar mista godkjenninga

For at ein organisasjon skal kunne tilby pengespel (med omsetning over 200 000 kroner) eller ta imot overskot frå bingo, lotteri eller andre pengespel, må han vere førehandsgodkjend etter den nye pengespellova. I 2023 godkjende vi 108 organisasjonar.

I løpet av året mista totalt 185 organisasjonar førehandsgodkjenninga, dei fleste på grunn av manglande rekneskapsrapportering.

Nytt regelverk medfører også at alle organisasjonar som var godkjende etter lotterilova (rundt 5 000), må søke om ny godkjenning i 2024. Det er eit krav for å kunne få løyve til pengespel i 2025.



3

Nye krav til den som tilbyr pengespel

For å arrangere og tilby pengespel på vegner av organisasjonar som har løyve, må verksemda ha ein godkjend medhjelpar. Autorisasjon som entreprenør etter lotterilova gjaldt ikkje etter 31. desember 2023. Derfor måtte alle slike verksemdar søke om ny godkjenning etter pengespellova.

Lotteritilsynet innvilga 44 slike godkjenningar i løpet av 2023. Av desse var to verksemdar heilt nye. Vi gav fem avslag, men tre av desse verksemdene oppfylte vilkåra ved seinare søknad. Resten av dei som hadde autorisasjon som medhjelpar (entreprenør), søkte ikkje om godkjenning etter pengespellova. Dette var venta, ettersom dei ikkje hadde tilbydd pengespel i seinare år og heller ikkje har planar om det.

Endra regelverk for omsetningsramme i dei største lotteria

Etter ei regelendring frå 1. juli 2022 kunne lotteri med omsetning opptil 300 millionar kroner få indeksregulert omsetningsramma. Men i ny forskrift er indeksreguleringa tatt vekk, og det er lagt inn ei omsetningsramme på 360 millionar kroner.

Pantelotteriet måtte stoppe sitt lotteri dei siste dagane i 2023, sidan dei hadde nådd omsetningsramma.

Snapchance.no sitt lotteri blei avslutta i oktober 2023. Årsaka til dette var at organisasjonen som hadde løyve til pengespelet, fekk sletta godkjenninga som lotteriverdig organisasjon.

Nøkkeltal på lotteriområdet¹

Område/år	2019	2020	2021	2022	2023
Godkjende organisasjonar per 31.12	5 255	5 145	5 056	4 988	4 908
Autoriserte entreprenørar per 31.12	99	98	98	92	
Godkjende medhjelparar per 31.12					89
Løyve til entreprenørbingo	246	233	242	252	
Bingo med medhjelpar (løyve)					255
Bingohallar med løyve i løpet av året	234	229	232	235	216
Løyve til foreinings- og radio-/TV-bingo	236	211	201	192	
Løyve til bingo utan medhjelpar					95
Løyve til radio-/TV-bingo					76
Aktive 9-årslotteri (opptil 360 mill. kr)	5	3	3	3	3
Aktive store lotteri (200 000–100 mill. kr)	124	91	86	83	74
Aktive smålotteri (under 200 000 kr)	2 847	2 181	2 206	2 935	

¹ Etter innføring av ny pengespellov frå 1. januar 2023, er det brukt nye omgrep. I den gamle lotterilova blei omgrepet autoriserte entreprenørar nytta om aktørar som kunne tilby pengespel på vegner av organisasjonar med løyve. Dette er no omtalt som godkjende medhjelparar. I ny lov er foreiningsbingo erstatta av omgrepet bingo utan medhjelpar. Lotteri med omsetnad under 200.000 kroner er ikkje melde- eller rapporteringspliktig til Lotteritilsynet etter ny pengespellov.

Slik jobbar vi for å sikre ei sterk frivilligheit

I 2023 betalte vi ut 4,3 milliardar kroner til frivillige lag og organisasjonar. Ei sterk frivilligheit betyr mykje for samfunnet vårt, og vi har eit viktig oppdrag med å legge til rette for effektiv og trygg forvaltning av pengestøtta til frivillige lag og organisasjonar.

Dei siste åra har vore prega av ekstraordinære oppgåver knytte til pandemien. I 2023 har vi i stor grad avslutta dette arbeidet, men vi har sett av litt tid til nødvendig oppdatering av interne rutinar og internkontrollar. Vi har gjennomført fleire tilsyn med Grasrotandelen enn i pandemiåra, og vi har mål om å vere tilbake på eit normalt nivå frå neste år.

Vi ser at aktivitetsnivået hos frivillige lag og organisasjonar har gått opp igjen etter nokre krevjande pandemiår, og dermed har dei også fått auka kostnader. Moms-kompensasjonsordninga fekk rekordmange søknader, og vi betalte ut nesten 2,5 milliardar kroner til vel 23 000 organisasjonar. For tredje året på rad fekk søkarane full momskompensasjon fordi ramma blei auka.

2023 blei også eit år med høge straumprisar i periodar. Vi har behandla søknader og betalt ut straumstøtte fortløpande, for å hjelpe frivillige lag og organisasjonar så raskt som mogleg. Ordninga for straumstøtte til hushaldningar gjekk frå å ta utgangspunkt i eit månadssnitt til å basere seg på spotprisen time for time, og ordninga for frivilligheita blei endra i same retning. Dette var etterlengta blant organisasjonane, men endringar i utrekningsmodellar og søknadssystem utfordra oss som forvaltar.

Mange frivillige organisasjonar vil jobbe for meir mangfald og inkludering i idrett og fysisk aktivitet. Det ser vi tydeleg i alle tiltaka det er søkt om pengar til i denne ordninga. Vi betalte ut 100 millionar kroner i 2023, men det var søkt om nesten seks gonger så mykje. Pengane gjekk til tiltak i heile landet, og fleire tiltak fekk støtte i 2023 enn i 2022.

Vi held fram arbeidet med å forenkle for frivillig sektor gjennom digitalisering og analyse og gjennom å gjere data og kunnskap lett tilgjengeleg. Livshendinga «Starte og drive en frivillig organisasjon» er ei av satsingane i regjeringa sin digitaliseringsstrategi. Her er vi med i to store delprosjekt: vidareutvikling av Frivilligregisteret og tilskudd.no.


Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet

2. Legge til rette for at overskudd fra pengespill og lotterier tilfaller helse- og rehabiliteringsformål, samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur
 3. Legge til rette for en effektiv og trygg forvaltning av pengestøtte til frivilligheten
- (Frå Kultur- og likestillingsdepartementets tildelingsbrev 2023)

4,3 milliardar kroner til frivillige lag og organisasjonar i 2023

I 2023 fordelte vi kring 4,3 milliardar kroner til frivillige lag og organisasjonar. Av dette var nær 2,5 milliardar kroner momskompensasjon på varer og tenester. 969 millionar kroner kom frå speleoverskotet til Norsk Tipping. Momskompensasjon til idrettsanlegg utgjorde 362 millionar. Vi gjennomførte for første gong utbetaling av tilskot til frivilligsentralar. Det blei betalt ut over 242 millionar kroner til kommunane, som fordelte tilskotet vidare på sine frivilligsentralar. I tillegg blei det i løpet av 2023 betalt ut over 318 millionar kroner gjennom dei mellombelse ordningane vi forvaltar.

Figur 1: Oversikt over utbetaling etter år og ordning





Rekordmange søknader om momskompensasjon

23 081 frivillige lag og organisasjoner fikk momskompensasjon i 2023.

Det blei betalt ut til saman 2,451 milliardar kroner i ordninga for momskompensasjon på varer og tenester. Ramma for tildeling blei endra undervegs i statsbudsjettet, og for tredje år på rad har søkerane fått full momskompensasjon. Det vil seie at dei fekk tildelt heile den godkjende søknadssummen.

I 2023 var søknadssummen for momskompensasjon på varer og tenester i overkant av 2,591 milliardar kroner. Av dei 2 458 søknadene vi fekk inn, blei 2 156 godkjende.

Tabell 1: Oversikt over momskompensasjon

Søknadsår	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Tal søknader	1 730	1 921	2 019	1 909	2 186	2 458
Tal organisasjonar	24 055	21 778	22 397	21 575	22 204	23 081
Søknadssum (millionar kroner)	1 977	2 063	2 102	1 853	2 081	2 591
Godkjend søknadssum (millionar kroner)	1 908	1 963	2 079	1 816	2 027	2 451
Utbetalt beløp (millionar kroner)	1 422	1 608	1 684	1 816	2 027	2 451
Innvilgingsprosent	75	82	81	100	100	100
Tal avslag / avviste søknader	176	220	173	143	210	302

Stabilt tal mottakarar, men større utbetaling


Talet på søknader og søknadssummen har auka i både 2022 og 2023, for rekneskapsåra 2021 og 2022. Søknadssummen auka med heile 25 prosent frå 2022 til 2023. Det har nok ein naturleg samanheng med auka aktivitet i frivillig sektor etter pandemien. 2022 var det første året etter pandemien utan restriksjonar. I tillegg har prisveksten vore stor, og det var mellom anna mange frivillige organisasjonar som opplevde svært høge straumprisar.

Sjølv om ordninga er godt kjend og har mange søkarar, er det kvart år ein del organisasjonar som søker for første gong. I 2023 fekk vi 411 søknader frå organisasjonar som ikkje hadde søkt tidlegare. Det betyr at om lag ein sjettedel av søknadene kjem frå nye organisasjonar. Nær 40 prosent av desse søknadene blir ikkje godkjende. Dei fleste avslaga kjem av at organisasjonen ikkje er i målgruppa til ordninga. Det er også fleire organisasjonar som ikkje kjenner regelverket godt nok, og som derfor leverer mangelfulle søknader.

I 2023 var det 302 søknader som ikkje blei godkjende. Det utgjør 12,3 prosent av søknadene og er ein auke frå 9,6 prosent året før. Dei vanlegaste årsakene til at søknader ikkje blir godkjende, er at organisasjonen manglar pliktige vedlegg, at verksemda kjem offentlege oppgåver til gode, eller at kostnadene er under minstegrensa. Dei fleste organisasjonane som kjem under minstegrensa, har i søknaden ikkje gjort avgrensing for ny-, på- og ombyggingskostnader eller kostnader i samband med utleige.


3

Figur 2: Godkjend søknadssum og tal mottakarar over tid



Forbetrer oversikt over tildeling av momskompensasjon

Momskompensasjonsordninga er den største ordninga vi har, og ho kan vere vanskeleg å få oversikt over. Vi ønsker å dele mest mogleg data med brukarane våre og andre interesserte. Medan ein tidlegare måtte søke i store Excel-lister over mottakarar, får ein no presentert ei oppsummering av tildelinga på nettsida vår. Ein kan også sjå utbetaling per sentrallødd og søke opp enkeltorganisasjonar. Dette meiner vi gir ei god og oversiktleg visualisering av ei kompleks ordning. I tillegg ligg tildelingane på tilskudd.no, noko som gjer det mogleg å få oversikt over dei samla tilskota til organisasjonane.



3

Rekordutbetaling til idrettsanlegg

Stadig fleire søker om å få kompensert momsutgifter ved bygging av idrettsanlegg.



I 2023 fekk Lotteri- og stiftelses-tilsynet 596 søknader om kompensasjon for utgifter til meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg. Vi ser at både talet på søknader og søknadsbeløpet aukar jamt.

Av 596 søknader blei 568 godkjende, 14 fekk avslag, og 9 blei avviste. 7 organisasjonar trekte søknaden.

Godkjent søknadsbeløp auka frå 343,5 millionar kroner i 2022 til 361,6 millionar kroner i 2023. Det blei utbetalt full momskompensasjon i 2023. Det vil seie at alle som fekk godkjent søknaden, fekk utbetalt beløpet dei hadde søkt om.

Mange fotballanlegg og mindre utandørsanlegg

Dei mest populære anleggs-kategoriane er ulike fotballanlegg og mindre utandørsanlegg som ballbingar og trimparkar. På dei neste plassane finn vi friluftslivsanlegg, som omfattar mellom anna tur- og skiløyper. Idrettshus og servicebygg er også ein populær kategori, der ein finn mellom anna klubbhus og lager-/garasjebygg.


Tabell 2 : Oversikt over fordeling av idrettsmoms på anleggs-kategori

Anleggs-kategori	Tal	Anleggs-kategori	Tal
Fotballanlegg	86	Golfanlegg	14
Mindre utandørsanlegg	81	Friluftslivsanlegg	11
Friluftslivsanlegg	77	Hestesportsanlegg	9
Idrettshus og servicebygg	71	Klatreanlegg	7
Ski- og alpinanlegg	47	Is- og skøyteanlegg	5
Kart	44	Motorsportsanlegg	4
Skyteanlegg	35	Vassportsanlegg	4
Racketsportsanlegg	26	Skateanlegg	4
Idrettshallar og aktivitetssalar	23	Aktivitetspark	1
Sykkelanlegg	19		


Det er god kvalitet på søknadene som kjem inn, og det er lite skjønn knytt til denne saksbehandlinga. Likevel er det ein del manglar ved søknadene som krev oppfølging frå saksbehandlarane, for eksempel at det manglar vedlegg, eller at det blir sendt inn usignerte versjonar av dokumenta.

3

Figur 3: Oversikt over søknadsbeløp for idrettsmoms over tid



Figur 4: Tal søknader om idrettsmoms over tid



969 millionar i speleoverskot til 50 organisasjonar

I 2023 fordelte vi 969 millionar kroner av Norsk Tipping sitt speleoverskot til 50 organisasjonar.

Desse pengane gjekk til:

- Norges Røde Kors – 306,1 millionar kroner
- Redningsselskapet – 188,9 millionar kroner
- Norsk Folkehjelp – 23,2 millionar kroner

Det resterande beløpet blei fordelt mellom 47 landsdekkande samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar.


Av Norsk Tipping sitt samla speleoverskot går 18 prosent til fordeling gjennom denne ordninga. Tilskotsordninga er retta mot landsdekkande samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Formålet er å bidra til å trygge viktige samfunnsoppgåver på områda helse, sosiale tenester, krisehjelp, støttearbeid og natur-, miljø- og dyrevern.

3

Ordninga skal i tillegg sikre at sentrale rednings- og beredskapsoppgåver kan vidareførast. Dei tre beredskapsorganisasjonane som vi nemnde ovanfor, får derfor ein fast årleg prosentdel av midlane. Andre organisasjonar må søke.

Diagrammet under viser korleis midlane fordeler seg på ulike kategoriar.

Figur 5: Fordeling av midlar frå speleoverskot



Mange søknader om tilskot til mangfalds- og inkluderingstiltak i idrett og fysisk aktivitet

Ramma var på 100 millionar, men det blei søkt om over 590 millionar kroner.

I 2023 gjennomførte vi andre og siste søknadsrunde i tilskotsordninga for mangfald og inkludering i idrett og fysisk aktivitet. Også i denne runden var ramma på 100 millionar kroner, og ein kunne søke om midlar til aktivitet i 2023 og 2024.

Ordninga var finansiert med ei blanding av spelemidlar, løyvingar over statsbudsjettet og private midlar frå Sparebankstiftelsen DNB, Stiftelsen VI og OBOS, og representantar for desse aktørane sat i eit eige innstillingsutval knytt til ordninga.

I søknadsrunden for 2023 fekk vi inn 1 363 søknader om totalt 1 488 tiltak og med ein søknadssum på over 590 millionar kroner. Vi godkjende og utbetalte 100 millionar kroner, fordelt på 367 søknader og 380 tiltak.



3

Det var fleire tiltak som fekk støtte i 2023 enn i 2022, og dermed får fleire prøvd ut mangfalds- og inkluderings tiltaka sine. Midlane gjekk til tiltak i heile landet, og alle fylke var representerte. Det var stor variasjon i tiltaka det blei søkt om støtte til.

Vi fekk inn 16 klager som alle blei sende vidare til behandling hos klagenemnda.

For at organisasjonane skulle ha moglegheit til å komme raskt i gang med aktivitet, prioriterte vi å bruke mykje ressursar på saksbehandling og rask utbetaling. I midten av mai sende vi ut vedtaka, og kort tid etter utbetalte vi midlane til organisasjonane som fekk søknadene sine godkjent.

Store endringar i straumstøtteordninga i 2023

I 2023 betalte vi ut nær 219 millionar i straumstøtte til frivillige lag og organisasjonar.



I 2023 fekk vi inn 14 185 søknader om straumstøtte. Vi har hatt kvartalsvise søknadsrundar og løpande utbetalingar. Målet var at frivillige lag og organisasjonar skulle få støtta så raskt som mogleg.

Det kom inn 32 klager, og vi omgjorde vedtaket i seks av dei aktuelle sakene. Resten sende vi over til Kultur- og likestillingsdepartementet, som er klageinstans.

Varierende straumprisar gjennom året


Høge straumprisar hausten 2022 førte til rekordmange søknader då vi i januar 2023 opna søknadsskjemaet for fjerde kvartal av 2022.

Frå mai begynte prisane å falle, og dei låge straumprisane heldt fram utover sommaren. I juli var det ingen av prisområda som kom inn under ordninga, fordi ingen hadde straumpris på over 70 øre i snitt. I august og september var det berre prisområde Sør-Noreg som kom inn under ordninga, men frå oktober steig straumprisane igjen over heile landet.

3

I 2023 fekk organisasjonane dekt 90 prosent av prisforskjellen mellom 70 øre per kWh og den månadlege gjennomsnittsprisen til og med mars månad. For april og mai fekk organisasjonane dekt 80 prosent av prisforskjellen. Frå juni auka kompensasjonsgraden igjen til 90 prosent, og frå januar 2024 er terskelverdien for straumprisen som gir støtte, auka frå 70 til 73 øre per kWh.

Figur 6: Utbetaling og tal søknader per runde



Tabell 3: Fordeling per sektor

Sektor	Tal søknader	Tildelt beløp
Idrett	3 729	kr 71 199 293
Trus- og livssynsorganisasjonar	2 485	kr 38 335 297
Rekreasjon og sosiale foreiningar	1 745	kr 13 614 748
Kultur og kunst	1 146	kr 12 189 215
Lokalsamfunnsutvikling	1 035	kr 5 237 910
Sosiale tenester	481	kr 14 094 736
Barne- og ungdomsorganisasjonar	476	kr 3 628 596
Interesseorganisasjonar	299	kr 3 028 016
Andre helsetenester	209	kr 2 715 945
Bustads- og lokalmiljø	181	kr 1 840 378
Anna utdanning	100	kr 11 731 890
Andre / ingen ICPNO	2 299	kr 41 220 269
Totalsum	14 185	kr 218 836 293

Store endringar i ordninga

2023 har vore prega av store endringar i straumstøtteordninga for frivilligheita. Støtta til hushaldningane blei endra frå å ta utgangspunkt i snittprisen for kvar månad til å basere seg på spotprisen time for time. I august starta arbeidet med å finne ut korleis ein kunne gjere det same i ordninga for frivillige organisasjonar.

Det viste seg å vere utfordrande av fleire grunnar. Frivillige organisasjonar er ikkje ei eiga sluttbrukargruppe i nettselskapa sine kundesystem. Dessutan dekkjer ikkje straumstøtta for frivilligheita alt av straumforbruk. Derfor må vi i nokre tilfelle gjere vurderingar av kor stor del av forbruket som har rett til støtte. Løysinga blei å lage

3

ein eigen modell for utrekning av støtte, men han er tett knytt opp til modellen for hushaldningane. Enkelt forklart skal forbruket per time reknast ut ved hjelp av eit gjennomsnittleg forbruksmønster for frivillige organisasjonar.

Arbeidet med å lage ein ny modell tok tid, og først i november blei endringar i forskrifta sende ut på høyring. Forskrifta skulle gjelde frå 1. september, og vi fekk ikkje opna for søknader for 3. kvartal før endringa var vedtatt. Derfor slo vi saman 3. og 4. kvartal i 2023 og opna for søknader tidleg i 2024.

Endringa i straumstøtta har vore etterlengta for brukarane våre, men har utfordra oss som forvaltar. Vi har måtta snu oss rundt og tenke nytt når det gjeld både utrekningsmodellar og søknadssystema våre. Sidan ordninga er forlengd ut 2024, har vi også starta arbeidet med vurdering av enkelte søkargrupper opp mot statsstøtteregulverket. Det handlar om kor mykje offentleg støtte ein kan gi utan at ein må få godkjent tildeling hos EFTAs overvaksingsorgan ESA.

515 frivilligsentralar fekk driftstilskot i 2023

Sentralane fekk til saman 240 millionar kroner i driftstilskot for 2023.

I 2022 fekk vi i oppdrag å ta over forvaltninga av ordninga for driftstilskot til frivilligsentralar. Formålet med ordninga er å skape gode og stabile rammevilkår for frivilligsentralane. I november 2022 kunne kommunane søke om midlar til driftsåret 2023. I februar 2023 betalte vi ut ca. 218 millionar kroner til 327 kommunar. Desse midlane blei fordelte vidare på 515 frivilligsentralar.

I revidert statsbudsjett for 2023 auka løyvingane til ordninga med rundt 23 millionar kroner, som blei fordelte likt på desse sentralane. Kvar av dei fekk ei tilleggstilskot på 47 446 kroner.

Hausten 2023 opna vi søknadsrunden for 2024, og vi fekk inn søknader frå 333 kommunar på vegner av 540 sentralar.



Frivilligsentralane jobbar for å skape gode og inkluderande samfunn. Her frå Førde frivilligsentral sin såkalla 10-kaffi, som er ein uformell møteplass.

Avsluttande arbeid knytt til covid-19-tilskot

Vi har i 2023 følgd opp gjenståande saker knytte til dei mellombelse kompensasjonsordningane for frivilligheita i samband med covid-19-utbrotet. Arbeidet har i hovudsak bestått i å avslutte etterkontrollar og å følge opp klagesaker, nedbetalingsavtalar og innkrevjing. Fleirtalet av desse sakene gjeld organisasjonar som ikkje kan dokumentere inntektsbortfallet som dei fekk kompensasjon for.

Ved utgangen av 2023 var det framleis om lag 30 saker som ikkje var endeleg avslutta. Omtrent 20 av desse gjaldt organisasjonar som har inngått avtale om nedbetaling, eller som blir følgde opp av Skatteetaten. Vidare står det att å rapportere nokre tildelingar til Registeret for offentleg støtte.

Resultatindikatoren 2023: færre med overskot i 2022

Pandemien førte til redusert aktivitet i frivillig sektor i både 2020 og 2021. Det ser vi blant anna av momskompensasjonsordninga for rekneskapsåra 2020 og 2021, der kostnadene var lågare enn dei normalt ville ha vore. Søknadsrunden i 2023 viste derimot at aktivitetsnivået – og dermed kostnadene – no har auka.

Dette ser vi også på den årlege rekneskapsrapporteringa for lotteriverdige organisasjonar. I åra før pandemien låg andelen organisasjonar med overskot på rundt 60 prosent. Under pandemien gjekk kostnadene ned meir enn inntektene, og andelen med overskot auka til rundt 80 prosent i 2020 og 70 prosent i 2021. I 2022 var andelen lågare enn normalt, med 54 prosent. Rekneskapsstala for 2023 er i skrivande stund ikkje klare.

Figur 7: «Resultatindikatoren»



Kartlegging av inntektsstraumane til frivillig sektor


I november 2023 fekk vi i oppdrag å kartlegge inntektsstraumane til frivillig sektor. Formålet med kartlegginga er å få betre oversikt over den delen av inntektene til frivillig sektor som ikkje stammar frå det offentlege. Gode rammevilkår for frivillig sektor er eit av hovudmåla med den statlege frivilligpolitikken, og ein føresetnad er kunnskap om dei økonomiske rammevilkåra. Særleg interessant er omfanget av og samspelet mellom ulike inntektskjelder.

Dette er eit oppdrag vi meiner er viktig, og som vi er svært glade for at vi har fått. Tilskotsordningane våre har gjennom mange år skaffa oss innsikt og data som vi vil nytte i dette arbeidet. I tillegg har vi rekruttert ny kompetanse for å kunne gjere ein god jobb. Det er planlagt at oppdraget skal vare ut 2024, og vi ser fram til å komme skikkeleg i gang med innsiktsarbeidet.

Slik har vi forenkla for frivilligheita i 2023

Livshendinga «Starte og drive en frivillig organisasjon» er eit av fleire satsingsområde i regjeringa sin digitaliseringsstrategi. Kultur- og likestillingsdepartementet er eigar av livshendinga og har involvert oss i fleire tiltak som skal gjere det enklare og mindre byråkratisk å vere frivillig i Noreg.

Vidareutvikling av systemløysingar, brukarvennlege digitale innsynsløysingar og samarbeid med andre statlege organisasjonar er nøkkelord for arbeidet.



Vidareutvikling av tilskudd.no

Tilskudd.no gir oversikt over alle statlege tilskotsordningar og tildelingar, og kunne i desember 2023 markere eitt år i drift. Nettstaden skal gi oversikt, vise samanhengar og bidra med gjennomsiktigheit på tilskotsområdet i staten. Tilskudd.no er ei nyttig løysing for frivillig sektor, som no enklare kan finne relevante tilskotsordningar å søke på. Som den største tilskotsforvaltaren for frivillig sektor meiner vi det er viktig å gjere informasjon om ordningane våre tilgjengeleg på tilskudd.no.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har sidan starten vore engasjert i å få til denne løysinga, og vi ser no fram til å få ei meir sentral rolle i den vidare drifta og utviklinga. Vi trur løysinga har potensial til å gjere kvardagen til frivillige endå litt enklare.

3

Vidareutvikling av Frivilligregisteret – Deling Data Frivillig

I 2022 kom rapporten *Videreutvikling av Frivillighetsregisteret*. Vi bidrog med vår kunnskap om å legge til rette for forenklinger for frivillig sektor. Rapporten inneholdt konkrete råd om endringer i Frivilligregisteret. Vi jobbar saman med Brønnøysund-registerna i prosjektet «Deling Data Frivillig» for å gjennomføre desse anbefalingane i registeret. Dei viktigaste endringane handlar om vedtektene til organisasjonane og om å få fleire opplysningar om organisasjonane inn i registeret. Forenklingsarbeidet vil fortsette dei neste åra.


Referansegruppe for revidering av frivillighetsregisterlova

Eit anna viktig tiltak som gjekk fram av rapporten frå 2022, var behovet for ein gjennomgang av frivillighetsregisterlova. Kultur- og likestillingsdepartementet sette i gang arbeidet hausten 2023, og Lotteri- og stiftelsestilsynet blei då invitert med i referansegruppa. Planen er at ein skal gjennomgå heile lovteksten, men hovudfokuset vil ligge på registreringsrett i registeret og på korleis registeret kan bidra til forenkling for frivillig sektor.

Utviklingsprosjekt på tilskotsområdet

I 2019 starta vi eit utviklingsprosjekt på tilskotsområdet med nye søknadsskjema og fagsystem. Vi har jobba med kontinuerleg forbetring og vidareutvikling av systemet. Dette er grunnmuren vår og det som gjer det mogleg å raskt fase inn nye tilskotsordningar og drive effektiv saksbehandling. I 2023 har vi forvalta fem ordningar og fått inn nær 18 500 søknader gjennom systemet, og gjort 42 000 tildelingar. I momskompensasjonsordninga kan ein søknad gi tildeling til mange organisasjonar..

F igr 8: Samla tildelingar i 2023



3

Tilsyn med Grasrotandelen

Vi oppretta 12 tilsynssaker i 2023, og nokre av organisasjonane blei utestengde frå ordninga.

Lotteri- og stiftelsestilsynet fører tilsyn med Grasrotandelen ut frå tips og eigne risikovurderingar. Vi skal kunne føre tilsyn med deltaking i ordninga, utbetaling av midlar og mottakarane sin tilgang til og bruk av midlane. Det er presisert at grasrotmidlane ikkje skal komme nærings- eller privatøkonomiske interesser eller typisk offentlege oppgåver til gode.

I 2023 oppretta vi 12 tilsynssaker. Seks av desse tilsyna blei avslutta med at mottakarane blei godkjende for vidare deltaking i Grasrotandelen. Fire tilsyn har fått eit anna utfall, ved at organisasjonane har blitt utestengde frå Grasrotandelen. Éin organisasjon har fått varsel om utestenging, og éi sak er framleis under behandling. Ved starten av 2023 var også åtte eldre tilsynssaker opne. Fem av desse er blitt avslutta i 2023, medan tre er under behandling og forventa å bli avslutta i starten av 2024.

794 millionar kroner til frivillige lag og organisasjonar

Det er i dag registrert over 30 000 grasrotmottakarar, og 1,1 millionar kundar hos Norsk Tipping er registrerte som grasrotgivarar. Frivillige lag og foreiningar i Noreg fekk i 2023 fordelt 794,2 millionar kroner gjennom Grasrotandelen. Det er ein auke på om lag 22,7 millionar kroner samanlikna med året før. I 2023 gav kvar grasrotgivar i snitt 717 kroner til sin grasrotmottakar. Sidan starten i 2009 er det blitt utbetalt over 7 milliardar kroner til grasrota gjennom denne ordninga.

Dette er Grasrotandelen: Ein spelar hos Norsk Tipping kan bestemme at 7 prosent av speleinnsatsen skal gå til eit lag eller ein organisasjon som er registrert i Frivilligregisteret og godkjend som grasrotmottakar av Brønnøysundregistra. Dette er Grasrotandelen som spelaren gir til «sitt» lag.

Slik jobbar vi for å sikre trygge stiftelsar

Ny rapport talfestar verdiskapinga i stiftelsane for første gong. Elles har førebyggjande tilsynsarbeid, større tilsyn med habilitet og betre rettleiing prega 2023.

Kvart år står norske stiftelsar for ei verdiskaping på over 58 milliardar kroner. Det viser ein ny rapport vi lanserte i 2023. Dermed er verdiskapinga i stiftelsane talfesta for første gong.

Eit godt kunnskapsgrunnlag er avgjerande for å sikre god forvaltning. Ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt er derfor å auke kunnskapen om kva betydning stiftelsane har i samfunnet.

I 2023 har Stiftelsestilsynet også prioritert å vidareføre førebyggjande tilsynsarbeid. Vi har mellom anna gjennomført tematisyn på området habilitet og transaksjonar med nærstående, og vi har arbeidd med rettleiing og styrking av stiftelsane.

Habilitet er sentralt på mange område i samfunnet, og 2023 har vore prega av fleire store habilitetssaker i media. Vår erfaring er at habilitet kan vere ei utfordring for stiftelsar – også for stiftelsar som ønsker å drive godt og etter lova. Derfor har det vore viktig å prioritere eit kunnskapsløft på området. I 2023 har vi gjennomført eit lenge planlagt tematisyn om habilitet og transaksjonar med nærstående. På den måten får vi kombinert kontroll med systematisk kunnskapsinnhenting og deling.

Vi jobbar kontinuerleg med å styrke og trygge stiftelsane. I 2023 har vi gjennomført fleire tiltak for å forbetre brukarreisa for stiftelsane. Vi ser at mange av søknadene vi får frå stiftelsar, er mangelfulle. Dei inneheld for lite opplysningar til at vi kan behandle sakene utan å hente inn meir dokumentasjon frå stiftelsane. I 2023 har vi derfor halde fram arbeidet med klarspråk på rettleiingssidene våre på nett. I samarbeid med Brønnøysundregistra har vi fått på plass nye søknadsskjema i Altinn for søknader til Stiftelsestilsynet. Vi håper at dette og andre tiltak vil bidra til at vi kan gi stiftelsane raskare svar på søknadene dei sender oss.

Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet

4. Sikre en forsvarlig forvaltning av stiftelser og øke kunnskapen om deres samfunns-messige betydning

(Frå Kultur- og likestillingsdepartementets tildelingsbrev 2023)

Undersøkt for første gong: norske stiftelsar sitt bidrag til verdiskapinga

Norske stiftelsar står for over 58 milliardar kroner i verdiskaping årleg. Det estimerer rapporten Oslo Economics har utarbeidd på oppdrag frå Stiftelsestilsynet i 2023.

Til samanlikning er 58,4 milliardar kroner like mykje som det blei sett av til høgare utdanning og forskning i statsbudsjettet for 2023 – og det svarer til over 10 000 kroner per innbyggjar i Noreg. I tillegg kjem ringverknader på fleire milliardar kroner.



Frå lanseringa av rapporten i Oslo i mai.

I samfunnet generelt er det lågt kunnskapsnivå både om stiftelsar og om sjølve organisasjonsforma. Samtidig finst stiftelsar i alle sektorar i samfunnet, og det er krevjande å innhente samla kunnskap om aktiviteter og verdier for organisasjonsforma. For første gong har vi no tal på den samla verdiskapinga i norske stiftelsar og selskapa dei eig.

Deler ut 7,2 milliardar årleg

Verdiskapinga i ein stiftelse består av lønn, skatt og overskot. Desse verdiane er estimerte til totalt 55,8 milliardar kroner i stiftelsane og i selskapa som stiftelsane eig. Norske stiftelsar har over 19 milliardar kroner i overskot årleg. Av desse blir 7,2 milliardar delte ut til formåla, medan resten blir lagd til eigenkapitalen i stiftelsane.

I tillegg tilfører stiftelsar store samfunnsverdier som det ikkje er like lett å identifisere. Ved å samanlikne stiftelsar med andre føretak estimerte Oslo Economics at stiftelsane i tillegg bidrar med 1,2 milliardar kroner i verdiskaping ved at dei ofte tilbyr tenester gratis eller til redusert pris.

3

Arbeidsplassar største verdiskapar

Den samla verdien av sysselsetting i stiftelsane og selskapa deira er 29 milliardar kroner, og det utgjer 53 800 årsverk. Det gjer sysselsetting til den største verdiskaparen. Stiftelsane og selskapa dei eig, bidrar til å sysselsette nesten 2 prosent av den samla arbeidsstyrken i Noreg.

Fire av ti stiftelsar engasjerer frivillige

Rapporten estimerer verdien av frivillig innsats i stiftelsane til 1,4 milliardar kroner årleg. I tillegg blir verdien av frivillig arbeid som skjer i andre organisasjonar på grunn av løyvingar frå stiftelsane, estimert til 2,5 milliardar kroner. Det svarer til 400–500 frivillige årsverk, og desse ringverknadene kjem i tillegg til det totale beløpet på 58,4 milliardar kroner.



Stiftelsen BUA låner ut sportsutstyr til barn og unge, slik at dei får prøve ulike aktivitetar utan å måtte kjøpe utstyr. Foto: BUA

Eit eksempel frå rapporten er case-studien som er gjort av Stiftelsen BUA (Barn-Unge-Aktivitet). BUA jobbar for at barn og unge skal få moglegheit til å prøve forskjellige aktivitetar, og legg til rette for etablering av BUA-sentralar rundt om i landet. Sentralane låner ut ulike typar sportsutstyr til barn og unge. Stiftelsen bidrar slik til reduserte økonomiske forskjellar, betre folkehelse og forbetra sirkulærøkonomi i tillegg til sysselsetting. Dette illustrerer korleis stiftelsar bidrar til ei verdiskaping som er betydeleg, men utfordrande å talfeste.

Du kan lese heile rapporten på www.lottstift.no.

Ny rapport i 2024: stiftelsar og sosial inkludering

I 2023 har vi bestilt ein ny rapport som skal belyse kva betydning stiftelsane har for sosial inkludering og førebygging av utanforskap i Noreg.

Rapporten skal sjå på korleis stiftelsar supplerer det offentlege velferdstilbodet og korleis dei bidrar til utviklinga av velferdstilbod. Rapporten blir lansert våren 2024 og blir tema på Stiftelseskonferansen i Førde 24.–25. april.

3

Auka offentlig interesse og innsyn

Stiftelsar er viktige aktørar på mange område i det norske samfunnet, og aktivitetane deira utgjer store verdier. Likevel tyder spørsmål frå ulike aktørar på at det er stort behov for meir kunnskap om organisasjonsforma.

Det er særleg interesse frå media når det dukkar opp spørsmål om ulovlege forhold eller konflikter i styret i stiftelsar. Vi prioriterer slike førespurnader for å kunne bidra med rett og god informasjon om kva lovkrav som gjeld for stiftelsar. Vi informerer om korleis styra bør gå fram, og kva vurderingar dei må gjere for å sikre forsvarleg forvaltning. Slik kan styra raskt identifisere nødvendige tiltak.

Talet på slike spørsmål er aukande, og dermed aukar også tidsbruken vår på desse oppgåvene. Ved å prioritere spørsmål frå pressa i slike saker sikrar vi at sentral informasjon og kunnskap om stiftelsar kjem på trykk på redaksjonell plass – og slik når vi mange.

Uttalar til media er effektive som førebyggjande tiltak. Det blir tydeleg for offentlegheita, stiftelsen og andre aktørar kva forhold som sikrar samsvar med stiftelseslova og tryggar stiftelsen.

Innsyn i komplekse saker

Saker hos Stiftelsestilsynet er som hovudregel offentlege. Samfunnets behov for informasjon skal bli stetta, og vi skal sikre openheit om arbeidet tilsynet utfører.

Sidan 2020 har vi fulltekstpublisert saker på elnnsyn.no, og dokumenta i dei fleste sakene våre er opne for gjennomsyn. Om lag 30 prosent av saksdokumenta vi behandlar, er likevel heilt eller delvis unntatt offentlegheit. Det gjeld i stor grad dokument i tilsynssaker, som må skjermast av omsyn til teieplikt eller andre unntaksgrunnlag. Også saker som Stiftelsestilsynet behandlar i medhald av dekningslova og arvelova er i stor utstrekning unntatt offentlegheit, då grunna omsynet til teieplikt.

Trass i at fleire dokument er gjort direkte tilgjengelege på elnnsyn.no, har talet på innsynskrav auka. I 2023 har Stiftelsestilsynet behandla 841 krav om innsyn i saksdokument etter offentleglova. Det er 110 fleire enn i 2022. Det har særleg komme krav om innsyn i komplekse saker, der det er mange omsyn å ta. Dette er gjerne saker der fleire aktørar er engasjerte i formålsrealiseringa til stiftelsen. Eit eksempel er saker om samanslåing. Vi ser òg at vi får fleire innsynskrav i saker som media set søkelyset på.

Nye søknadsskjema og tydelegare informasjon



For at styra i stiftelsane skal forstå ansvaret og pliktene dei har, er klart språk i rettleiinga vår avgjerande. Det har vi jobba vidare med i 2023.

Stiftelsestilsynet behandlar ulike typar søknader om endring av stiftelsar. Ei gjennomgåande utfordring for framdrifta i saksbehandlinga er manglande dokumentasjon. Om lag halvparten av sakene har kravd dialog med styra om dette.


3

I 2023 har vi intensivert samarbeidet med Brønnøysundregistra om å utarbeide nye søknadsskjema i Altinn. Skjemaa blei publiserte på slutten av året. Dette skal i større grad sikre at søknadene frå stiftelsane har nok og riktige opplysingar når styra sender dei inn. I tillegg har vi lagt ut tilhøyrande rettleiingar på nettsidene våre. Det skal sikre både at styra har gjort dei riktige vurderingane i styrearbeidet i forkant, og at dei sender rett dokumentasjon med søknaden. Då kan vi behandle søknaden raskare.

Mange brukarar tar kontakt via telefon, kontaktskjema på nettsida og e-post for å få rettleiing. Fleire kan vi vise til nettsidene, men i 2023 har det vore ein auke i direkte rettleiing både skriftleg og munnleg. Stiftelsane tar ofte kontakt for å få rettleiing før dei skal gjere ei endring.

I 2023 blei det oppretta 225 saker som gjaldt meir omfattande rettleiing. Fleire av førespurnadene gjaldt omdanning av stiftelsar, for eksempel endring av vedtekter eller avvikling av stiftelse. Dei fleste gjaldt rettleiing om styre, dagleg leiar og anna organ i stiftelsen. Sakstypen med nest høgast tal rettleiingssaker var likevel utanfor stiftelseslova, nemleg rettleiing om beslagsforbod, tillitsmann og bandlagd pliktdelsarv.

Utfordringar med habilitet i styra – meir rettleiing på plass



Vi prioriterer å publisere informasjon på nettsidene om nye område og tema som vi ser at stiftelsane treng kunnskap om. Eit slikt tema er habilitet for styremedlemmer og dagleg leiar.

Inhabilitet i styret er ei problemstilling stiftelsar ofte kjem borti. Gjennom kontakt med stiftelsane, både ved rettleiing og i tilsyn, ser vi at det er krevjande for styra å handtere inhabilitet på ein god måte. Vi ser at det kan vere for lite bevisstheit om kva som kan gjere styremedlemmene inhabile, og kva som må til for å vere førebudde i slike situasjonar. Vi har derfor lagt ut informasjon, sjekklister og anbefalingar om dette på nettsidene våre.

Som del av rettleiinga har vi også dialogmøte på video med heile styret for å auke kunnskapen. Fleire slike møte handlar om at styret ikkje har nok kompetanse om stiftelsar og styrearbeid, blant anna reglane om habilitet. Utfordringa for fleire er at det er tette band mellom formålsgruppene eller samarbeidsorganisasjonar og personane som sit i styret eller andre organ.

Det skaper ofte uro og usemje både internt og eksternt. Slike strukturar krev ryddige prosessar, og det er viktig å få oversikt over dei enkelte rollene for å sikre at styremedlemmer set interessene til stiftelsen først og ikkje gjer ugyldige vedtak på grunn av inhabilitet.

Vi ser at stiftelsar som ifølge vedtektene har valorgan, har behov for at også valorganet får større kunnskap om inhabilitet. Slik kan ein ved val av styremedlemmer få inn personar som ikkje må fråtre ofte på grunn av inhabilitet. Dermed sikrar ein kontinuitet i forvaltninga av stiftelsen og formålet.

3

Tematilsyn: transaksjonar med stiftelsens nærstående

I 2023 har vi gjennomført tematilsyn om transaksjonar med stiftelsens nærstående. I arbeidet vårt ser vi at slike transaksjonar utgjør ein risiko for at andre interesser enn stiftelsen sine påverkar styrearbeidet.

Vi har ført tilsyn med ti stiftelsar. Der har vi undersøkt om stiftelsane har rutinar for å sikre at transaksjonar med nærstående blir behandla og dokumenterte på ein forsvarleg måte. I praksis inneber dette krav til at

- styret sine vurderingar og vedtak er dokumenterte i styreprotokoll
- habilitet er vurdert
- styret har innhenta grunnlag for sine vurderingar i form av tilbod, verdigraderingar eller liknande
- det ligg føre skriftlege avtalar på vilkår som sikrar interessene til stiftelsen

Med stiftelsens nærstående meiner vi personar som har ein særleg posisjon eller direkte rolle i stiftelsen (for eksempel styremedlem, dagleg leiar eller opprettar) – og nærstående til desse.

Gjennom tematilsynet blei vi særleg merksame på problemstillingar knytte til organisering. Stiftelsane er ofte organiserte slik at fleire av styremedlemmene også har roller eller verv i organisasjonar stiftelsen samhandlar og har transaksjonar med.

Stiftelseslova slår fast at det kan ligge føre inhabilitet når eit styremedlem samtidig har ei stilling eller eit tillitsverv i ein annan organisasjon som har økonomisk eller anna framtidig interesse i ei sak. I slike situasjonar er det ekstra viktig å ha ryddige rutinar som sikrar at transaksjonar blir avgjorde på ein lovleg måte, og at avtalar blir inngått på same måte som mellom uavhengige partar.

Ingen av stiftelsane vi hadde tilsyn med, hadde skriftlege rutinar. Fleire av dei hadde gjort styrevedtak om transaksjonar med inhabile styremedlemmer. Dei fleste stiftelsane har derfor fått beskjed om å følge opp desse forholda. Stiftelsane må vurdere transaksjonar med habilt styre og sikre skriftlege rutinar og avtalar. Dokumentasjonen må vise at stiftelsen sine interesser er varetatt.

Med bakgrunn i dei samla erfaringane frå tematilsynet og frå arbeidet vårt elles har vi oppdatert nettsidene våre med rettleiingar. Her beskriv vi reglar, typetilfelle og framgangsmåtar for vurdering av transaksjonar med nærstående. Vi anbefaler stiftelsane å nytte kunnskapen til å lage eigne rutinar for styrearbeidet. Etter tematilsynet har vi også laga ein film om roller og habilitet som blir publisert tidleg i 2024.

3

Strategiske møte og samarbeid

Ein del av samfunnsoppdraget vårt er å auke kunnskapen i samfunnet om stiftelsar og stiftelsesforma. I tillegg til å møte brukarane våre er det viktig for oss å prioritere samarbeid og deltaking på ulike arenaer. I 2023 har vi deltatt på mange ulike arenaer for stiftelsar, og under Arendalsveka arrangerte vi debatt om verdiskapinga til stiftelsar.

Nyttig internasjonalt samarbeid

Både i Noreg og elles i Europa lærer både stiftelsar og myndigheiter av kvarandre. Strategien vår er å vende blikket utover, og skal vi halde oss oppdaterte på nye idear, moglegheiter og utfordringar, er det nyttig å følge med på kva som skjer.

Det er særleg viktig å ha tett kontakt med dei nordiske kontrollmyndigheitene, og i 2023 var vi vertskap for Nordisk stiftelsesmøte. Møtet var i år eit reint dansk–norsk møte med brei deltaking frå både Ervervstyrelsen, som fører kontroll med danske næringsdrivande stiftelsar, og Civilstyrelsen, som kontrollerer alminnelege stiftelsar.

Vi drøfta sentrale, felles utfordringar for stiftelsar og vår kontroll av dei. I år var utvikling av regelverk, kunnskapsbygging, habilitet og transaksjonar med nærståande sentrale tema. Slike møte skaper ei unik plattform for gjensidig erfaringsutveksling og fagleg utbytte.

Møtet blei for første gong arrangert i tilknytning til Nordisk stiftelseskonferanse, som er eit samarbeid mellom stiftelsar. Dei deler innsikt i korleis dei arbeider, og diskuterer utfordringar i samfunnet der stiftelsar kan spele ei rolle. Denne innsikta er nyttig når vi skal drive kunnskapsbasert forvaltning. Samtidig nyttar vi høvet til å vere synlege og tilgjengelege som tilsyn.

Philantropy Europe Association (Philea) arrangerer årleg ein stor konferanse for stiftelsar og donorar/givarar. I år gjekk Philea Forum av stabelen i Šibenik i Kroatia, med temaet «A New Compass for Europe – Forged in Crisis, Forward in Hope».

Til liks med stiftelsane i Noreg er stiftelsane i resten av Europa interesserte i å utgjere ein forskjell og synleggjere samfunnsbidraget sitt. Stiftelsane ser etter moglegheiter for samarbeid og kunnskapsdeling, og ønsker at det blir utvikla gode verkøy og bransjestandardar. Dessutan vil dei gjerne bidra effektivt til endring og utvikling i samfunnet, utan å gå vegen om byråkratiet til myndigheitene. Viktigheita av tillit og enklare rapportering var sentrale tema.



Atle Hamar, Gro Pleym Iversen og May Helen Vik representerte Stiftelsestilsynet på Philea Forum 2023.

Deltaking på Philea Forum gir oss innsikt i korleis stiftelsane i Europa jobbar, og det er nyttig for nettverksbygging og mogleg vidare samarbeid. Å halde seg oppdatert og forstå endringar som kjem, er viktig for å kunne utføre samfunnsoppdraget vårt best mogleg.

Dei siste åra har vi sett at fleire stiftelsar ønsker å utvikle seg gjennom samarbeid og partnerskap. Trenden går frå å løyve midlar til enkeltprosjekt med konkrete avgrensingar til å jobbe breiare og med systemiske endringar. Midlar blir gitt med færre føringar – og mottakarane får friare spele-rom til å teste for å kunne få til større endringar.

3

Tilsyn kan krevje samarbeid på tvers av etatar

Ein liten auke i talet på tilsynssaker, førebyggjande arbeid og enkelttilsyn i samarbeid med andre etatar. Dette prega 2023.

I 2023 har vi hatt ein liten auke i talet på saker. Sjå tabell.

Oversikt over hendingar registrerte som saker og vår oppfølging av dei

	2021	2022	2023	Oppfølging
Nye hendingar der vi ser avvik eller risiko for avvik	212	235	242	Alle saker blir risikovurderte. Oppfølging av saka og val av verkemiddel følger av den dokumenterte risikovurderinga.
Frå revisorbrev	142	179	179	Alle revisorbrev blir risikovurderte. Dei fleste revisorbrev blir følgde opp med påpeiking av plikter og rettleiing. Viss tipsa gjeld forhold med høg risiko, gjennomfører vil tilsyn og kontroll.
Frå tips/meldingar	58	37	50	Alle tips blir risikovurderte. Oppfølging av saka og val av verkemiddel følger av den dokumenterte risikovurderinga.
Ekstern varslings om forhold i stiftelse	4	7	4	Alle offentlege verksemdar er pålagde å ta imot varslings i samsvar med nasjonale retningslinjer. Desse følger vi opp på same måte som tipsa.
Media og anna overvaking mv.	4	6	5	Vi overvaker media og fangar opp saker som vi risikovurderer. Dei fleste blir følgde opp med rettleiing, men ved forhold med høg risiko gjennomfører vi tilsyn og kontroll.
Bakgrunn i søknadskontroll	2	2	2	Vi behandlar søknader om omdanning frå stiftelsane. Under dokumentasjonskontrollane kan vi sjå risikoar som vi må følge opp.
Melding om forhold i stiftelse frå anna kontrollorgan	2	4	2	Vi samarbeider strategisk med andre kontrollorgan, slik at vi kan få melding dersom dei oppdagar hendingar i stiftelsane.

Nærare om korleis vi har følgd opp hendingane ved annan risiko

Verkemiddel ut	2021	2022	2023	
Registerbaserte tilsyn – standardavvik henta frå offentlege register	137	84	76	Dersom vi fangar opp konkrete avvik, sender vi ut brev med påminning og påpeiking av plikter. Dette gjeld både dersom det ikkje er registrert revisor eller styre, og dersom det ikkje er levert årsrekneskap. Desse breva sender vi samla til dei aktuelle stiftelsane som registerbaserte tilsyn.
Ikkje registrert revisor	20	35	35	Vi sender ut brev dersom stiftelsen ikkje har registrert revisor.
Ikkje registrert styre / ikkje vedtaksført styre	1	4	29	Vi sender ut brev dersom stiftelsen ikkje har registrert styre. Dessutan sender vi ut brev dersom talet på registrerte styremedlemmer er under halvparten av talet som er angitt i vedtektene til stiftelsen.
Ikkje levert årsrekneskap	3	9	7	Vi sender ut brev dersom stiftelsen ikkje har levert årsrekneskap. Dersom stiftelsen ikkje har levert årsrekneskap for to år (gjentakande forhold), sender vi melding til politiet.
Manglar i revisjonsmelding	0	0	0	I saker der vi ser at revisor ikkje har uttala seg om utdelingar og forvaltning, sender vi brev med påminning til revisor.
Spørsmål knytte til heimel til fast eigedom	0	27	4	I saker der vi ser at stiftelsane ikkje har eintydig heimel til fast eigedom, for eksempel manglar organisasjonsnummer i grunnboka.
Andre avvik	1	9	1	
Tematilsyn	36	0	10	Planlagt tilsyn med fleire stiftelsar om utvalde tema/område basert på heilskapleg risikovurdering. I 2021 var temaet formålsrealisering. I 2023 handla tematilsynet om transaksjonar med stiftelsens nærstående.

Verkemiddel ut	2021	2022	2023	
Samordna tilsyn	0	17	0	Tilsyn som gjeld fleire lover og er samordna med anna tilsynsorgan. 2022 var første året vi gjennomførte planlagde samordna tilsyn, då saman med Udir. Tilsynet omfatta 3 stiftelsar som driftar 14 barnehagar, og handla om habilitet og transaksjonar med stiftelsens nærstående.
Dialog og rettleiing	185	205	211	Dialogbasert tilsynsarbeid. Eit strategisk val har vore å gå i dialog med styra i stiftelsar så tidleg som mogleg. Vi rett-leiar og får forsikringar frå styra om at dei jobbar forsvarleg. Dialogen med styra i stiftelsane kan vere både munnleg i møte og skriftleg.
Enkelttilsyn (kontrollsak)	3	4	3	Tilsyn er verkemiddelet vi nyttar i dei mest alvorlege sakene og i saker med høg risiko for store manglar og konsekvensar for stiftelsen. I desse sakene innhentar vi omfattande dokumentasjon og opplysningar frå stiftelsen og andre aktørar. Sakene endar alltid med tilsynsrapport eller meir omfattande brev til stiftelsen. Strategien vår er å redusere talet på store tilsyn og heller nytte andre proaktive verke-middel. Talet på slike saker vil likevel variere avhengig av kva som skjer i stiftelsane. Når tilsyn er rett verkemiddel, skal vi nytte det.
Andre saker	1	1	4	

Vi har ein tydeleg strategi om å jobbe førebyggjande og risikobasert, og vi løysar framleis dei fleste saker med dialog, rettleiing og påpeiking av styret sine plikter. Vi har dermed klart å dreie arbeidet vårt i riktig retning ved å nytte informasjon som gjer at stiftelsane får oversikt over kva krav som gjeld. Slik kan styret jobbe riktig og på sikt få utvikla eit internkontrollsystem tilpassa stiftelsen. Slik kan vi som tilsyn bruke vår kompetanse og våre ressursar på dei meir krevjande sakene.

Med bakgrunn i dette har vi få enkelttilsyn. Desse har oftast utspring i meldingar og tips som Stiftelsestilsynet får frå enkeltpersonar eller via mediasaker. Når vi opnar tilsyn, er det fordi vi har fått opplysningar om alvorlege forhold, og fordi det er viktig at vi tar tak i saka. At forholda blir stansa, rydda opp i og får reaksjonar, gir effekt utover den enkelte saka.

I slike alvorlege tilfelle ligg det gjerne føre brot både på stiftelseslova og på andre lover, og kanskje strafferettslege forhold i tillegg. Vi går då i dialog med andre kon-trolletatar som har myndigheit på det aktuelle lovområdet. Det kan for eksempel vere den som har myndigheit over tenestene som aktivitetsstiftelsar utøver, som Utdanningsdirektoratet og Helsedirektoratet.

Andre kontrollorgan vi har hatt samarbeid med i 2023, er Arbeidstilsynet og Finans-tilsynet, i tillegg til revisor, som alle stiftelsar skal ha for revidert årsrekneskap. I dei største tilsynssakene vi hadde i 2023, samarbeidde vi med Skatteetaten og politiet.

Når vi jobbar saman med andre tilsynsorgan, gir deira funn og vurderingar oss eit viktig grunnlag. Ut frå dette kan vi vurdere om forvaltninga av stiftelsen er i strid med stiftelseslova. I nokre saker vil det vere effektivt at andre organ bruker sine reaksjonsmoglegheiter, sidan dei ofte har konkrete heimlar som dekkjer det aktuelle forholdet.

Vi bruker også reaksjonar etter stiftelseslova for å sikre forsvarleg forvaltning. I 2023 har vi avsett ein styremedlem i ei sak. I 2022 hadde vi ei sak der vi varsla avsetting av heile styret for å hindre at ulovleg bruk av midlar skulle halde fram. Desse styremedlemmene trekte seg, og vi oppnemnde fem nye styremedlemmer. Samtidig melde vi saka til politiet på grunn av alvorlege lovbrøt. Saka blir no følgd opp av politiet.

3


Slike saker er komplekse og går over fleire år. Då har vi jamleg dialog med dei andre etatane, noko som gjer at slikt tilsynsarbeid er ressurs- og tidkrevjande. Skal vi klare å trygge stiftelsesforma, må vi ha kunnskap om dei ulike regelverka og måten tilsynsorgana jobbar på, og om kva kontrollar og reaksjonar som er mest effektive.

Rolla til revisor – styrking av andrelinja

I 2023 har vi jobba på fleire nivå for å styrke kunnskapen til revisorane – og på den måten trygge norske stiftelsar endå meir.

Styret er stiftelsens øvste organ og har ansvar for å sikre forsvarleg forvaltning av stiftelsen. Alle stiftelsar skal ha revisor, og det er denne rolla som utgjer andrelinjekontrollen av stiftelsar (sjå figur under). Revisor er dermed ein sentral aktør i arbeidet med å trygge norske stiftelsar. I 2023 har vi jobba med tiltak på ulike nivå for å sikre ei sterk andrelinje.

Figur: Samfunnets kontrollaktørar for norske stiftelsar (kjelde: NOU 2016: 21, side 81)



I 2023 har vi hatt møte med Revisorforeningen, og vi samarbeider om å lage ein rettleiar for revisorar som reviderer stiftelsar. Målet er å auke kunnskapen om stiftelsar og om særreglane i stiftelseslova.

Stiftelseslova pålegg revisorar for stiftelsar enkelte særoppgåver i tillegg til dei oppgåvene revisorane har etter revisorlova. I årsmeldinga skal revisoren mellom anna uttale seg om forvaltninga av stiftelsen og utdelinga av midlar er i samsvar med formålet til stiftelsen og vedtektene elles.

Revisor har opplysningsplikt til Stiftelsestilsynet og er pålagd å sende oss kopi av skriftleg kommunikasjon med styret. Vi får derfor kvart år mange brev om vesentlege forhold som revisor etter stiftelseslova § 44 (sjå tabellpunktet «Frå revisorbrev») har plikt til å melde frå om.

I 2023 har vi prioritert å vere rutinemessig i dialog med revisorane som sender oss kopi av brev dei skriv til stiftelsen. Det har vore nødvendig for å kartlegge forholda som revisor melder frå om, og for å gi informasjon om forventta oppfølging av stiftelsen og sikre at oppfølginga blir gjort. Med dette arbeidet har vi nådd ut til mange revisorar.

Revisor er både ein kontrollaktør og ei kjelde til informasjon, men kan også vere ein samarbeidsaktør for å trygge stiftelsane. I tillegg til å gjere den årlege revisjonen av årsrekneskapen kan revisor rettleie styret om internkontroll, rekneskap og bokføring. Her er det ein føresetnad at revisor har tilstrekkeleg kunnskap om krava i stiftelseslova, og at revisor veit kva forhold ein stiftelse må vere særleg merksam på.

3

All informasjon vi får frå revisor, går inn i den generelle risikoanalysen vi gjer av stiftelsar. Denne kunnskapen tar vi også med oss når vi held foredrag. Slik kan vi sette søkelyset på problemstillingar vi avdekker. Kvart halvår deltar vi på seminar for både revisorar og stiftelsar. Vi skal vere i dialog med revisorane og samarbeide med Revisorforeningen også i 2024 – slik at vi kan styrke andrelinja vidare.

Viktige grenseflater mot Finanstilsynet

Finanstilsynets kontroll med revisorar, rekneskapsførarar og sparebankstiftelsar gjer tilsynet til ein viktig samarbeidsaktør for Stiftelsestilsynet.

Det er Finanstilsynet som har myndigheit til å føre tilsyn med sparebankstiftelsar. Desse er elles underlagde reglane i stiftelseslova, for eksempel når det gjeld formålsrealisering. Finanstilsynet har også tilsynsansvar for blant andre revisor- og rekneskapsverksemdar. I tillegg til revisorar er også rekneskapsførarar viktige for stiftelsane.


Også kontroll av kontrollaktørane er viktig og sikrar forsvarleg forvaltning av stiftelsar. I ei av dei mest alvorlege tilsynssakene våre fekk også eit revisjonsfirma lovbrotsgebyr frå Finanstilsynet. Den aktuelle revisoren blei overprøvd av Finanstilsynet fordi hen ved planlegging av kontrollen ikkje hadde tatt tilstrekkeleg omsyn til dei særskilde risikoane i stiftelsesforma. Vedtaket viser kor viktig det er at kvaliteten er høg nok når revisor kontrollerer stiftelsar. Risikoen er nemleg større hos stiftelsar, sidan organisasjonsforma ikkje har eigarar. Dette er viktig kunnskap å dele vidare i 2024.

Nyregistrering, oppheving og endring i 2023

Trenden med færre stiftelsar og høgare kapital held fram. Fleire stiftelsar blir oppheva enn oppretta, men eigenkapitalen aukar.

Bokført eigenkapital steig frå 220 milliardar kroner i 2021 til 234 milliardar kroner i 2022. Ved utgangen av 2023 var det registrert 6 252 stiftelsar i Stiftelsesregisteret.

Tal stiftelsar og samla bokført eigenkapital



3

Basert på det vi har sett dei seinare åra, er det grunn til å tru at trenden vil halde fram. Truleg vil ein del av dei eldre pengeutdelande stiftelsane bli oppheva framover. Desse blir ofte kalla legat, og dei skal ifølge vedtektene dele ut årleg avkastning av kapitalen. Mange av desse har så låg eigenkapital at det blir lite eller ingenting att til utdeling når faste kostnader er betalte.

På den andre sida har ein del av dei nye stiftelsane stor eigenkapital. Det gjeld særleg for finansstiftelsane. Eit eksempel frå 2023 er Sparebankstiftinga Søre Sunnmøre, som hadde ein eigenkapital på 1,7 milliardar kroner ved opprettinga.

Oppheving av stiftelsar tilbake til normalnivå

Kvart år behandlar vi rundt 100 saker som gjeld nyregistrering av stiftelsar. Saker som gjeld oppheving, har pleidd å ligge på over 200 i året.

Oversikt over søknader og saker om rettleiing i 2023

	2020	2021	2022	2023
Stiftelsar				
Nyregistrering	107	116	93	99
Kapitalendring	100	41	34	73
Dispensasjonar	6	5	5	9
Oppnemning av styre	12	10	4	5
Vedtektsendring	542	431	437	384
Oppheving	219	170	164	207
Samanslåing	33	24	26	18
Deling	1	-	-	3
Sum søknader frå stiftelsar	1 027	798	772	798
Rettleiing til stiftelsar	141	111	109	184
Andre saksområde				
Uråderett – stiftelseslova § 55	47	40	22	17
Beslagsforbod etter dekningslov og arvelov	164	139	197	193
Samvirkeføretak	1	1	1	2
Sum søknader etter anna lovverk	212	180	220	212
Rettleiing på andre saksområde	17	39	47	42

I 2021 og 2022 fekk vi færre meldingar og søknader om oppheving enn det som har vore normalen dei seinare åra. I 2023 auka talet på slike saker igjen. I løpet av året fekk vi 207 meldingar og søknader om oppheving, mot 163 i 2022 og 170 i 2021.

Stiftelsar som ønsker oppheving, må oppfylle vilkåra for omdanning etter stiftelseslova. Dei fleste sakene om oppheving botnar i at det ikkje lenger er mogleg å realisere formålet, for eksempel på grunn av utilstrekkeleg kapital. Det gjeld særleg stiftelsar som har som formål å dele ut pengar.

3

Større stiftelser vil slå seg saman

Når det gjeld meldingar og søknader om samanslåing, fortset trenden med at større stiftelser ønsker å slå seg saman.

Tidlegare var det gjerne små stiftelser med liten kapital som ønskte å slå seg saman til større felleslegat. No ønsker stiftelsane å slå seg saman blant anna for å sikre robuste tenester. Samanslåinga av Haraldsplass Diakonale Stiftelse og Stiftelsen Diakonova er eit eksempel på dette.



Stiftelsen Diakonova Haraldsplass eig det private sjukehuset Haraldsplass Diakonale Sykehus AS i Bergen. Illustrasjonsfoto: Haraldsplass Diakonale Sykehus.

Det ligg krevjande vurderingar bak vedtaka om samanslåing. Både stiftelsane og Stiftelsestilsynet bruker mykje tid og ressursar på å gjere riktig vedtak i desse store og komplekse sakene. Mange partar er involverte, og sakene har derfor ofte stor interesse for media og offentlegheita.

Endring av vedtekter

Vi ser ein liten nedgang i talet på saker om endring av vedtekter.

I 2023 fekk vi 384 meldingar og søknader om vedtektsendringar. Det er om lag 50 færre saker enn i 2022 og 2021. I enkeltsaker opplever vi iblant stor interesse frå media.

Utvikling av ny løysing for saksbehandling

I 2023 har vi jobba med å utvikle ei ny saksbehandlingsløysing for søknader om nyregistrering, vedtektsendring, oppheving og samanslåing.

Løysinga er utvikla på plattformen Salesforce og er integrert med arkivsystemet Public 360. Den nye løysinga skal takast i bruk i første kvartal av 2024 og vil effektivisere og styrke saksbehandlinga på dei fire saksområda. I tillegg vil ho gi oss meir kunnskap om stiftelsane. Prosjektet skal vidareførast i 2024 med utvikling av nye funksjonar.

3

Periodevis lang saksbehandlingstid

Både stiftelsane og vi opplevde i 2023 at saksbehandlingstida for omdanningssaker blei lengre enn ønskeleg, og at det låg mange saker i kø.

Dette kjem i hovudsak av redusert saksbehandlingskapasitet. I den aktuelle perioden, frå vår til haust, blei publikum informert om lang saksbehandlingstid på nettsidene våre.

I 2023 har vi sett i verk fleire tiltak for å redusere saksbehandlingstida for søknader framover.

Dei nye søknadsskjema i Altinn, kombinert med betre rettleiingar på nettsidene om utforming av søknad og vedlegg, skal hjelpe stiftelsane med å sende inn meldingar og søknader som inneheld all dokumentasjon som er nødvendig for at vi skal kunne fatte vedtak i saka. I dei oppdaterte rettleiingane seier vi tydeleg frå om at det er styrets ansvar å sørge for å sende inn tilstrekkeleg dokumentasjon.

Dersom søknaden eller meldinga stiftelsen sender inn, manglar dokumentasjon, vil fleire enn tidlegare få saka i retur utan at vi har gjort vedtak. Viss saka blir avvist, forklarar vi kva som er feil eller manglar, og vi gir rettleiing om korleis stiftelsen kan rette det opp. Slik får vi ein enklare og raskare saksbehandlingsprosess.



Nye reglar og avgjerder

Frå 2023 tredde nye reglar om oppheving i kraft. Dei gjeld for bustadstiftelsar som er oppretta av kommunar.

Reglane i stiftelseslova kapittel 6 A starta å gjelde 1. januar 2023. Dei gir kommunar som har oppretta bustadstiftelsar, og som oppfyller visse vilkår, unntak frå dei ordinære reglane om omdanning av stiftelsar. I andre halvdel av 2023 fekk vi dei første meldingane om oppheving etter dette regelverket. Per 31. desember 2023 har tre bustadstiftingar blitt oppheva i medhald av dei nye reglane.

Når det kjem nye reglar, er det viktig at stiftelsane får informasjon om dei. I 2023 la vi ut informasjon om endringar som var relevante for kommunale bustadstiftelsar og barnehagestiftelsar, på nettsidene våre.

Få klagesaker i 2023

Vi har dei siste åra sett ein nedgang i talet på saker til Stiftelsesklagenemnda. Også i 2023 var det få klagesaker.

Fem saker blei sende frå Stiftelsestilsynet til Stiftelsesklagenemnda i løpet av 2023. To av desse blei avgjorde i løpet av året. Sakene gjaldt oppheving av stiftelse og oppnemning av sette styre. Klagen blei ikkje tatt til følge.

Dei tre andre sakene sende vi mot slutten av året, og vedtak er venta i 2024. Desse sakene gjeld omdanning av vedtekter og oppheving av stiftelse. I 2023 har vi også hatt møte med Stiftelsesklagenemnda og Klagenemndssekretariatet i Førde. Formålet var orientering og kunnskapsdeling.

3

Slik jobbar vi for å styrke brukarane og vere ein synleg og relevant samfunnsaktør

Lansering av to store kunnskapsrapportar, arbeid med universell utforming av nettsidene og satsing på klarspråkarbeid er noko av det vi har jobba med for å styrke brukarane og vere ein synleg og relevant samfunnsaktør.

Talet på nordmenn med speleproblem er halvert

Om lag 23 000 nordmenn har problem med pengespel, og omtrent 93 000 er i risikosona. Det viste ei undersøking som Universitetet i Bergen (UiB) gjorde på oppdrag frå oss i 2022.

Talet på nordmenn med speleproblem er dermed halvert sidan førre undersøking i 2019. Nedgangen er så stor at det ikkje er tvil om at arbeidet vi gjer med reguleringstiltak, har god effekt.

Vi lanserte befolkningsundersøkinga på Hotel Bristol i Oslo den 31. mai 2023, saman med Ståle Pallesen frå UiB og kulturminister Anette Trettebergstuen. Vi fekk svært mykje omtale i media i samband med lanseringa. Dette sette oss på kartet som ein synleg og relevant samfunnsaktør i det viktige arbeidet med å redusere talet på menneske med speleproblem.



Kulturminister Anette Trettebergstuen (til venstre) og avdelingsdirektør for pengespel Henrik Nordal blir intervjuet av NRK.

3

Ny kartlegging av verdiskaping i stiftelsar

Stiftelsane står for over 58 milliardar kroner i verdiskaping årleg, viste den første kartlegginga av verdibidraga til stiftelsar og selskapa dei eig. Oslo Economics gjennomførte kartlegginga på oppdrag frå Stiftelsestilsynet. Rapporten er verdifull for oss i arbeidet med å auke kunnskapen om den samfunnsmessige betydninga norske stiftelsar har. Vi lanserte rapporten på Stiftelsesforeningen sitt 20-årsjubileum i Oslo i mai, og fleire redaksjonelle medium omtala rapporten.




Hannah Marøy i Oslo Economics la fram rapporten om verdibidraga til norske stiftelsar.

Omfattande arbeid med universell utforming av nettsidene

Frå 1. februar 2023 blei det eit krav at offentlege nettsider skal vere universelt utforma og ha ei eiga erklæring om kor tilgjengelege nettsidene er.

Våren 2023 gjorde vi eit omfattande utviklingsarbeid med dei to nettsidene våre, hjelpelinjen.no og lottstift.no. Vi jobba tett saman med utviklarar i Dekode for å rette opp i feil vi fekk kartlagt med hjelp frå Funka hausten 2022.



Funka si kartlegging viste at vi ikkje oppfyllte 19 av 47 krav på lottstift.no. Vi har retta opp i det vi har greidd å rette opp i, og har no 6 brot på krava. På hjelpelinjen.no fann Funka 12 brot på krava. Vi har utbetra dei fleste manglane, slik at vi no er nede i 3 brot. Det som står att for begge nettstadene, handlar primært om koding av enkelte skjema på nettsida. Sidan desse er tredjepartsløysingar som vi ikkje kan utvikle sjølv, fekk vi ikkje endra på desse i 2023.

Arbeidsmøte med utviklarane våre i Dekode, Bjørn Ivar Skuggen (til venstre) og Øyvind Ellingsen.

3

Fersk undersøking om omdømmet vårt

Kvart år gjennomfører IPSOS ei profilundersøking som omfattar mange statlege aktørar og organisasjonar. I 2023 deltok vi i denne for første gong sidan 2009.

Konklusjonen er at folk overordna har eit godt inntrykk av Lotteri- og stiftelsestilsynet, og at det er i kategorien samfunnsansvar vi kjem best ut. Når det gjeld totalinntrykk, synest 47 prosent at vi gir eit svært godt eller godt inntrykk, medan 6 prosent meiner vi gir eit lite godt eller svært dårleg inntrykk. Dei resterande har mindre kjennskap til oss og har svart verken eller / umogleg å svare.

Vi er ikkje i toppsjiktet, men vi er heller ikkje blant dei som har dårleg omdømme, er omstridde eller anonyme. 97 etatar deltok i undersøkinga, og dei som kjem best ut, er dei som er synlege og har positive brukaropplevingar.

Klarspråksarbeid i 2023

For å imøtekomme krava i språklova har vi i 2023 jobba spesielt med å gjere alle skjema tilgjengelege på begge skriftspråk jf. språklovas § 14. Dette har vore ei prioritert oppgåve i 2023. Vi oppfyller også kravet om veksling mellom nynorsk og bokmål i allment tilgjengelege dokument, jf. språklovas § 13. Vi har om lag 50 prosent av begge skriftspråk på lottstift.no og overvekt av nynorsk i sosiale medium. Vi er også godt innafor krava til begge skriftspråk på hjelpelinjen.no. Resultatet frå Språkrådets tilsyn for 2023 er ikkje klart, men egne målingar tyder på at vi oppfyller krava i språklova.



Målet vårt er at alt vi skriv, skal bli forstått på første forsøk. Derfor jobbar vi aktivt med å bruke eit klart og tydeleg språk i alt vi skriv. I år har vi hatt spesielt fokus på desse områda:

- Vi inviterte Språkrådet til vår årlege språkdag. Dei snakka om språklova generelt og nynorsk spesielt. I tillegg delte vi ut klarspråkpris til ein tilsett som har utmerkt seg i språkarbeidet i Lotteri- og stiftelsestilsynet.
- Vi har halde fram arbeidet med å forbetre rettleings-tekstar til stiftelsane i samarbeid med NTB Arkitektst.
- Vi har gitt nytilsette innføring i klarspråk gjennom e-læringskurs og eigen språkprofil.

Konstituert kommunikasjonsdirektør Bjørn Leirdal (til venstre) deler ut den høgthengande språkprisen til seniorrådgivar Øystein Vallestad Dvergsdal.

På dagsordenen i Arendal: Stiftelsar avlastar det offentlege og reduserer utanforskap

Stiftelsar har ei sentral rolle når det gjeld å avlaste det offentlege og redusere utanforskap. Det var temaet på vårt eige arrangement under Arendalsuka 2023. I tillegg deltok vi på scena på fleire andre arrangement.

I Arendal delte vi kunnskap frå den ferske undersøkinga *Norske stiftelsers verdi-bidrag*. Norske stiftelsar står for 58 milliardar kroner i verdiskaping årleg. Blant anna



Frå venstre: Siw Heggedal Longvastøl, Anne Hellum, Morten Aase, Jørn-Henning Theis og Atle Hamar.

Atle Hamar deltok på Røde Kors sitt arrangement, som handla om kva frivilligheita treng for å skaffe egne inntekter. Hamar var også på scena då Actis lanserte ein rapport om situasjonen i Sverige før og etter innføring av lisensmodell. Hamar kommenterte rapporten og utviklinga i Sverige, samanlikna med det som skjer i Noreg.

bidrar stiftelsane med velferdstenester, utviklar nye velferdstilbod og avlastar det offentlege. For å synleggjere dette hadde vi med oss Morten Aase frå BUA, Anne Hellum i Fontenehus Norge og Jørn-Henning Theis frå Stiftelsen Diakonova Haraldsplass.

Avdelingsdirektør i Stiftelsestilsynet Siw Heggedal Longvastøl og direktør Atle Hamar deltok også på Stiftelsesforeningen sitt arrangement, som handla om stiftelsane sin samfunnsnytte i Noreg.


Fundraising Norge hadde eit arrangement med søkelys på innovasjon og digitalisering i frivilligheita. Der deltok avdelingsdirektør for frivillighetsstøtte Marianne Skjeldestad Hove i panelsamtalen. Temaet for samtalen var at manglande digitale løysingar er eit hinder for effektiv drift av frivillige organisasjonar.

Synlege på fleire arenaer

For å utføre samfunnsoppdraget vårt er vi avhengige av å rekruttere høg kompetanse. I arbeidet med rekruttering av nye ressursar er det viktig å vere til stades på både lokale og nasjonale arenaer.

I 2023 deltok vi blant anna på Framtidsfylket si karrieremesse i Bergen, på karrierefestivalen Elevate og på Heilekonferansen.

Heilekonferansen samlar næringslivet i Sogn og Fjordane til foredrag og paneldebattar med lokale, regionale og nasjonale aktørar. Atle Hamar fortalde historia om Lotteri- og stiftelsestilsynet frå etableringa og fram til i dag.



Direktør Atle Hamar på Heilekonferansen. Foto: Photoevent/FINS.

På Elevate-festivalen snakka Bjørn Leirdal, Merete Tollefsen og Solveig Peersen om kva vi i Lotteri- og stiftelsestilsynet faktisk jobbar med, kva konsekvensar arbeidet vårt har for samfunnet, og kvifor jobben vi gjer, er meningsfull.



Frå venstre: seniorrådgivar Merete Tollefsen, rådgivar Solveig Peersen og konstituert kommunikasjons- og strategidirektør Bjørn Leirdal på scena under Elevate. Foto: Photoevent.

Arbeid med ny verksemdsstrategi

Hausten 2023 starta vi arbeidet med ny verksemdsstrategi for Lotteri- og stiftelsestilsynet. I forprosjektet har vi jobba med å kartlegge og analysere dagens situasjon. Dette skal legge eit solid grunnlag for å gjere dei rette strategiske prioriteringane framover.

Kaiwa fekk oppdraget med å fasilitere strategiprosessen for oss, og arbeidet med utvikling av ny strategi vil halde fram våren 2024. Den nye verksemdsstrategien skal ruste oss for å utføre samfunnsoppdraget vårt på ein god måte i åra som kjem.

Liten, men forventet nedgang i besøk på nettstaden

Vi ser ein liten nedgang i besøk, men dette er forventet, sidan spesielt forvaltning av tilskotsordningar har generert mykje trafikk dei siste åra. Dette har hatt samband med ekstraoppgåver knytte til koronapandemien. No går utviklinga i retning av ein normal situasjon. I 2023 tok vi i bruk Matomo som nytt analyseverktøy på nettsidene våre. Tidlegare har vi brukt Google Analytics, men vi bytte av omsyn til personvern.

År	Besøkande	Sidevisingar
2023	267 723	793 957
2022	292 097	989 105
2021	257 972	1 093 233

Lotteri- og stiftelsestilsynet jobbar med kontroll og forvaltning av både private lotteri og statlege spel og dessutan med kontroll av den ulovlege spelmarknaden. Vi arbeider også med forvaltning og kontroll av norske stiftelsar, og vi forvaltar fleire tilskotsordningar for frivillige lag og organisasjonar. Tabellen under viser sidevisingar fordelte på desse områda.

Område ¹	Sidevisingar	Unike sidevisingar
For frivilligheita	323 120	259 689
For aktørar	49 489	39 709
For spelarar	67 711	58 337
For stiftelsar	73 406	58 753

¹ Andre område på nettstaden er ikkje med i denne tabellen.

3

I 2023 hadde Stiftelsesregisteret 24 753 sidevisingar, og Pengespelregisteret hadde 20 664 sidevisingar.

Vi fekk vi inn 1 696 spørsmål via kontaktskjema på nettsida. Av desse var 588 om tilskotsordningane våre, 579 om pengespel, 277 om stiftelsar og 252 om andre tema. Kontaktskjemaet er eit alternativ til telefon og ein kanal der vi svarer brukarane på generelle spørsmål om områda vi har ansvaret for.

Mindre omtale totalt, men meir synlege i redaksjonelle medium

I 2023 gjennomførte vi ein medieanalyse i samarbeid med Infomedia. Totalt er Lotteri- og stiftelsestilsynet omtala i 1 366 artiklar. Pengespelområdet har fått mest omtale, med 481 artiklar. Det er skrive spesielt mykje om nedgangen i speleproblem og tilsynet med dei utanlandske spelselskapa. Frivillighetsområdet er omtrent like mykje omtala, med 459 artiklar. Her er det straumstøtte til frivillige organisasjonar og ordninga med tilskot til mangfalds- og inkluderingstiltak i idrett og fysisk aktivitet som har fått mest merksemd. Stiftelsestilsynet er omtala i 229 artiklar. Blant anna er rapporten *Norske stiftelsers verdibidrag* omtala fleire gonger.

Dei fleste sakene våre er positivt eller nøytralt vinkla, og det er svært få negative saker. 17 prosent av sakene er i rikspressa, 12 prosent er i regionaviser, og 57 prosent er i lokalmedia.

Vi ser ein nedgang i omtale av saker i media samanlikna med 2022. Trass i nedgangen i omtale har vi vore meir synlege i redaksjonelle medium i 2023. Dette ser vi av at vi har fleire saker der vi er synlege og har betre gjennomslag. Vi har fleire saker i rikspressa, er meir positivt omtala og er blitt siterte i fleire saker i 2023 enn i 2022. Gjennomslag i analysen tar omsyn til lesartal, plassering og kor synlege vi er i ein artikkel. Talet på saker i riksmidiet har auka og desse gir større gjennomslag enn lokale saker. Nedgangen i omtale er størst i lokale medium.

Frå januar 2023 bytte vi leverandør på medieovervaking, etter ein tilbodskonkurranse hausten 2022. Infomedia tok over for Retriever som vår leverandør. Hovudårsaka til nedgangen i omtale ser ut til å vere litt ulik bruk av metode og kjeldegrunnlag hos dei to leverandørane. I realiteten er truleg ikkje nedgangen så stor.

Andre årsaker til nedgangen i generell omtale er mindre omtale av koronaordningane enn tidlegare år. Kommunikasjonsstaben har dessutan mangla folk fordi ei stilling har stått ledig mesteparten av året. Det har ført til at vi har jobba mindre med proaktivt pressearbeid, noko som er viktig for å vere ein synleg og relevant samfunnsaktør.

Tal saker i redaksjonelle medium¹

2021	2022	2023
1 763	1 801	1 366

¹ Desse tala kan ikkje samanliknast direkte, sidan det er brukt ulik metode og ulikt kjeldegrunnlag.

I sosiale medium blei Lotteri- og stiftelsestilsynet omtala 1 020 gonger i dei to kanalane Facebook og X. Snapchat, TikTok og LinkedIn, som vi også bruker, inngår ikkje i målinga til Infomedia.

Intern styring og kontroll

I dette kapittelet rapporterer vi på intern styring og kontroll i verksemda.

For omtale av språkarbeidet i Lotteri- og stiftelsestilsynet, sjå del 3, side 54.

System og prosedyrar for styring

Internkontroll og dokumentasjon for styring og rapportering er prioritert i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Vi nyttar ei løysing frå systemleverandøren Corporater til årsplanlegging, risikovurdering og rapportering. Til strukturering av internkontroll-dokumentasjon og som avvikssystem bruker vi ei løysing frå Compendia.

Arbeidet med internkontroll og gode prosedyrar for styringsprosessar har halde fram i 2023. Direktøren har innført faste kvartalsvise møte med leiarane og dei som arbeider med forvaltning, tilsyn og kunnskapsbygging på tvers av organisasjonen. På desse møta har årsplan, status og prioriteringar vore tema. Vi skal halde fram med desse møta, sidan dei er ein nyttig arena for å få oversikt og gi tilbakemelding.

Risikovurdering på verksemdnivå blir utarbeidd av leiinga to gonger i året og send til departementet. Denne vurderinga er eit fast tema på etatsstyringsmøta. I 2023 har dialogen med departementet medført justeringar av både innhald og gradering for enkelte risikofaktorar. Risikobildet i Lotteri- og stiftelsestilsynet ber generelt preg av moderat og handterbar risiko.

Samfunnstryggleik og beredskap

Ansvarsområda til Lotteri- og stiftelsestilsynet er ikkje definerte som kritiske samfunnsfunksjonar. For brukarane våre vil nedetid i hovudsak medføre manglande framgang i forvaltning og tilsyn, og eventuelt utsett tidspunkt for utbetaling av tilskot. Langvarig fråvær av våre funksjonar kan få konsekvensar av økonomisk betydning for brukargrupper, for eksempel frivillige organisasjonar som får momskompensasjon.

Vi har ein beredskapsplan for handtering av beredskaps- og krisesituasjonar. Dokumentasjon, rolleavklaring, opplæring og øving er tema som leiinga jamleg tar opp til vurdering. Leiinga reviderer årleg ei eiga risikovurdering for tryggleik og beredskap.

Økonomistyring og innkjøp

Rekneskapen er omtala i del 6.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har fullservicemodell hos Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). For oss som mellomstor statleg verksemd er det viktig å hente ut mest mogleg effektivitet av samarbeidsløysingane. DFØ utvidar stadig tenestetilbodet, og vi tar aktivt i bruk nye løysingar. I 2023 har vi begynt å bruke DFØ sitt nye lønnsforhandlingssystem.

Ein stor del av varekjøpa våre, mellom anna innan IT, blir gjort innanfor dei sentrale rammeavtalane som er forhandla fram av DFØ.

Arbeidet med å motverke arbeidslivskriminalitet gjennom handtering av innkjøp er eit ansvar statleg sektor har i fellesføringane. Lotteri- og stiftelsestilsynet har dette

aspektet med ved anbudsprosessar og når vi inngår kontraktar. Vi vurderer risikoen for arbeidslivskriminalitet som liten på våre innkjøpsområde.

Riksrevisjonen

Riksrevisjonen sine tilbakemeldingar har også for 2022-rekneskapen vore gode.

Vi har ikkje fått revisjonsrapporten for 2023 enno, men har i løpet av året hatt fleire møte med Riksrevisjonen om ulike tema.

Arbeid med personvern

Lotteri- og stiftelsestilsynet legg vekt på å følge regelverket for personvern, og vi har eit personvernombod i 10 prosent stilling. Personvernombodet held seg mellom anna oppdatert på regelverket, praksis og anna som rører seg på personvernfeltet, og gir råd til organisasjonen.

Eit av tiltaka for å sikre god etterleving er kunnskap blant dei tilsette. Vi prioriterer derfor å gi nytilsette god opplæring i og kunnskap om personvern, i tillegg til at andre tilsette får moglegheit til å friske opp kunnskapen sin.

I 2023 har vi rapportert tre avvik til Datatilsynet og registrert eitt internt avvik. Det er ein nedgang frå 2022. Vi vurderer det som positivt at det blir avdekt nokre avvik, sidan det viser at avviksrutinen fungerer. Det gir moglegheit til å forbetre og førebyggje ytterlegare avvik ved å sette i verk risikoreduserande tiltak. Avvika i 2023 har vore av mindre omfang, og vi har følgd dei opp i samsvar med regelverket.

HMT og arbeidsmiljø

Lotteri- og stiftelsestilsynet har definert tre hovudmål for personalarbeidet. Vi skal

- arbeide strategisk, operasjonelt og analytisk innan personalområdet
- vere ein attraktiv arbeidsplass som legg til rette for personleg og fagleg utvikling
- arbeide aktivt for eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø prega av tillit, respekt og samhandling

Lotteri- og stiftelsestilsynet er ikkje lovpålagt å ha bedriftshelseteneste, men vi har likevel valt å ha dette. Bedriftshelsetenesta er ei fagleg støtte for oss i det førebyggjande HMT-arbeidet, slik arbeidsmiljølova krev. Bedriftshelsetenesta hjelper oss mellom anna med ergonomi, førstehjelpskurs og influensavaksinerings. I tillegg deltar bedriftshelsetenesta som fast representant i arbeidsmiljøutvalet (AMU).

Auke i sjukefråvær

I 2022 låg sjukefråværet på 4,1 prosent, fordelt på 1,7 prosent eigenmeldt sjukefråvær og 2,4 prosent legemeldt sjukefråvær.

For året 2023 har sjukefråværet auka til 6 prosent, fordelt på 1,4 prosent eigenmeldt sjukefråvær og 4,6 prosent legemeldt sjukefråvær.

Både leiarar og AMU har kontinuerleg fokus på sjukefråvær gjennom året.

4

Informasjon og dialog

Arbeidsgivar og tillitsvalde har faste partssamarbeidsmøte om lag kvar tredje veke. Informasjon, drøfting og forhandling (IDF) utarbeider i fellesskap eit årshjul som danner ei ramme for arbeidet gjennom året. Den årlege evalueringa om partsamarbeidet viser at partane er godt fornøgde. AMU har møte kvart kvartal og elles etter behov.

Dei ulike avdelingane og stabane har interne møte kvar veke med mellom anna informasjonsutveksling og dialog. I 2023 blei det gjennomført medarbeidersamtalar med alle tilsette i samsvar med rutineane våre. Alle tilsette har i tillegg fått tilbod om lønssamtale i forkant av dei lokale forhandlingane.

Aktivitets- og opplysningsplikt som arbeidsgivar og myndigheitsorgan

Tilstanden for kjønnslikestilling

Statistikken for kjønnsbalanse, mellombels tilsette og deltidsarbeid er henta frå rapportløysinga DFØ Innsikt for HR og lønn.

Kjønnsbalanse		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Deltidstilsette	
Rapportert i tal		Rapportert i tal		Gjennomsnittleg tal veker		Rapportert i tal	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
54	46	3	6	26	17	2	1

Tala for mellombels tilsette, faktisk deltid og ufrivillig deltid er angitt i tal personar. Vi legg til grunn at ingen av dei som arbeider deltid, gjer det ufrivillig, men at dei ut frå sin noverande livssituasjon må og ønsker å jobbe i redusert stilling.

Når det gjeld foreldrepermisjon, viser tala gjennomsnittleg tal veker foreldrepermisjon dei tilsette har tatt ut, både lønna og ulønna. Kvinner tok i gjennomsnitt ut 26 veker og menn 17 veker foreldrepermisjon i 2023.

	Tal	Menn	Kvinner	Lønn
Totalt inkl. mellombelse	101	47	54	97 %
Direktør	1	1	0	—
Avdelingsdirektørar	3	1	2	100 %
Fagdirektørar	4	2	2	97 %
Seniorrådgivarar	53	23	30	95 %
Spesialrådgivarar	3	2	1	101 %
Rådgivarar	29	12	17	99 %
Førstekonsulentar	3	2	1	115 %
Konsulentar	2	1	1	103 %
Lærlingar	3	3	0	—
Ufrivillig deltid	0	0	0	—

Kolonnen «Lønn» viser kvinner si gjennomsnittslønn i prosent av menn si gjennomsnittslønn for kvar stillingskategori.

4

Arbeid for likestilling og mot diskriminering

Lotteri- og stiftelsestilsynet jobbar for å fremme likestilling og hindre diskriminering, i tråd med lover og reglar. Vi er bevisste på dette i samband med rekruttering og lønns plassering.

Gjennom personalpolitikken vår legg vi mellom anna til rette for fleksibilitet gjennom fleksitidsordning, heimekontoravtalar og individuell tilrettelegging på arbeidsplassen ved behov. Slik kan tilsette ha ein god balanse mellom heim og jobb. Dette har leinga tett dialog med dei tillitsvalde og verneombodet om.

Også i 2023 har vi gjennomført den årlege ein likestillings- og diskrimineringsanalysen. I 2022 gjorde vi i tillegg ei kartlegging av lønnsforhold, noko vi er lovpålagde å gjere kvart andre år. Resultatet av årets kartlegging var godt. Det blei lagt fram for dei tillitsvalde og leiargruppa og danner grunnlaget for vidare arbeid gjennom året.

Våre tillitsvalde er involverte i dei fleste prosessane på personalområdet som er omfatta av lova. Dei er direkte involverte i rekrutteringsarbeid og i arbeid med lønns- og arbeidsvilkår. I tillegg til IDF og AMU er dei tilsette også representerte i tilsettingsrådet. På den måten kan dei vere med på å fremme likestilling og hindre diskriminering i rekrutteringsprosessar.

For å identifisere risiko for diskriminering og faktorar som kan hindre likestilling, hentar vi i tillegg informasjon frå avvikssystemet vårt og resultat frå gjennomførte vernerundar.

I tillegg identifiserer vi risiko for diskriminering og manglande likestilling gjennom årlege medarbeidersamtalar, gjennom uformelle samtalar mellom leiar og tilsette og gjennom systematiske oppfølgingssamtalar som leiarane har med nyttilsette gjennom prøvetida. Vi praktiserer også tett oppfølging av tilsette ved sjukefråvær og gjennom personalpolitiske rutinar for konflikthandtering, varsling om kritikkverdige tilhøve, livsfasepolitikk, permisjonar og medarbeidarutvikling. Rutinane er kjende for dei tilsette.

Vi har arbeidd vidare med tiltak som blei sette i verk etter førre likestillings- og diskrimineringsanalyse og etter kartlegging av lønnsforhold i 2022.

Dette har vi gjort i 2023:

- Vi har gjennomført rekruttering ved hjelp av traineeprogrammet i staten, som er ei satsing i arbeidet med mangfald og inkludering. Her har søkarar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en høve til å søke.
- Vi har jobba med å forbetre stillingsannonssane våre basert på råd frå Arbeidsgivarportalen. Målet er å gjere tekstane meir inkluderande. Utlysingstekstane er noko vi kontinuerleg jobbar med å forbetre.
- Tiltaksplanen for 2023 omfatta mellom anna området lønns- og arbeidsvilkår. Temaet blei tatt opp på møte med tillitsvalde, der vi såg nærare på kva som kunne vere årsaka til lønnsforskjellar mellom menn og kvinner i stillingskategoriane seniorrådgivar og rådgivar. Vi blei samde om å kontinuerleg jobbe førebyggjande med dette og knyte det opp mot organisasjonen sin lønnspolitikk.
- Vi har gjennomført prosjektet «Årsplan nyttilsette». Intensjonen er å skape samhald blant og arrangere felles opplæring av dei nyttilsette, slik at dette kan danne grunnlag for erfaringsutveksling og kompetanse på tvers av organisasjonen. Målet er å heve kvaliteten på onboarding av nye tilsette og gi dei meir innsikt i fagområda våre og samfunnsoppdraget vårt. Prosjektet er klart for implementering i 2024 og skal evaluerast etter eitt år.

Med bakgrunn i kartleggingane jobbar vi vidare med tiltak i det førebyggjande arbeidsmiljøarbeidet.

4

Som myndigheitsorgan har ikkje Lotteri- og stiftelsestilsynet hatt konkrete tiltak knytt til likestillingsarbeid ut mot brukarane i 2023.

Vårt forvaltnings- og tilsynsarbeid er ikkje vurdert som aktuelt for slike tiltak eller føringar ut over det som ligg av slike element i lover og forskrifter for dei ulike fagområda.

Rekruttering, lærlingar, mangfald og inkludering

I 2023 gjennomførte vi ti rekrutteringsprosessar. Nokre av desse omfatta fleire stillingar. Vi tilsette totalt tolv personar i faste stillingar, medrekna interne som skifta stilling. Seks personar tilsette vi i vikariat og engasjement i løpet av året. Bakgrunnen for dei mange rekrutteringsprosessane var at sju fast tilsette slutta, at éin tilsett gjekk av med pensjon, og at vi hadde nokre langvarige sjukemeldingar og permisjonar. I tillegg styrkte vi organisasjonen med nokre engasjement grunna tilleggsoppgåver knytte til nye tilskotsordningar.



I 2023 har vi mellom anna deltatt på karrierefestivalen Elevate i Førde og fleire karrieremesser i Bergen. Her frå foredraget på prosjektsenteret vårt under Elevate. Foto: Photoevent.

Vi har i 2023 hatt tre lærlingar på IT-området. Lotteri- og stiftelsestilsynet er knytt til opplæringskontoret OK stat. Vi har i tillegg hatt ein skuleelev på utplassering på IT-avdelinga. Vi auka talet på lærlingar frå to til tre i 2022, men kom i 2023 fram til at vi ikkje har kapasitet til å auke talet ytterlegare.

I 2023 hadde vi tre sommarvikarar, der to var nye etter årets utlysing. I tillegg hadde vi i ein kort periode ein flyktning under norskopplæring utplassert for å få språktrening.

Vi har i all hovudsak god tilgang på søkarar, men også i 2023 har trenden gått i retning av færre søkarar, med noko betring på slutten av året. Alle rekrutteringsprosessane enda med tilsetting.

Vi har i 2023 hatt ein lærling som del av arbeidet med mangfald og inkludering i staten. I tillegg har vi hatt ein trainee.

Vi er ein kompetansearbeidsplass i distriktet og rekrutterer frå eit stort område. I den grad det lèt seg gjere ut frå oppgåver og rammeverk, legg vi til rette for at tilsette skal kunne jobbe hos oss med moglegheit for heimekontor og andre oppmøtestader. Vi får på denne måten ein større marknad å rekruttere frå og har så langt gode erfaringar med det. Vi har fleire tilsette som nyttar seg av ordninga.

4

Ytre miljø

Lotteri- og stiftelsestilsynet blei sertifisert som Miljøfyrtårn i 2023. Sertifiseringsordninga skal hjelpe bedrifter med å dokumentere og forbetre arbeidet med miljø og samfunnsansvar. Sertifiseringa har mellom anna bidratt til at vi har gjennomført fleire konkrete tiltak:

- etablering av ein ny policy for klima og miljø
- nye og oppdaterte rutinar for avfallshandtering
- oppdatert prosedyre for innkjøp, anbod og prisførespurnad

Desse tiltaka bidrar til at vi blir ei meir berekraftig verksemd. Gjennom å vere Miljøfyrtårn har vi forplikta oss til å halde fram med å redusere miljøpåverknaden vår. Dette veit vi er viktig for våre interessentar og potensielle arbeidstakarar.

IT og dokumenthandtering

Avdelinga for IT og dokumenthandtering har ansvar for tenester og prosessar som er sentrale for organisasjonen si evne til å utføre samfunnsoppdraget. I hovudsak gjeld det drift og brukarstøtte for IT-infrastruktur, administrasjon av arkiv- og saksbehandlingssystem, inkludert tilhøyrande innsynsmodul for offentlegheita.

I tillegg utfører avdelinga utvikling og vedlikehald av nasjonale system som Stiftelsesregisteret, Pengespelregisteret og Anleggsregisteret.

Avdelinga står også for drift og utvikling av diverse interne saksbehandlings- og søknadssystem. Nesten alle systema er tett integrerte med nasjonale fellesløysingar og interne databasar, og mange av dei presenterer informasjon og data via offentlig tilgjengelege grensesnitt. Vi skal medverke til effektivisering av offentlig sektor sine digitaliseringsprosessar. Dette arbeidet blir støtta av IT-strategien vår, som bygger på den nasjonale digitaliseringsstrategien og digitaliseringsrundskrivet.

Oppgradering til skybasert arkivsystem og effektivisering av interne prosessar

Lotteri- og stiftelsestilsynet held fram med å digitalisere interne prosessar gjennom å ta i bruk arkivsystemet til produksjon og godkjenning av arkivverdige referat og avtalar på personalområdet. Dokumenthandtering har levert testing, rettleiing og rutinar.

Arkivnøkkelen har blitt endra og oppdatert i løpet av året. Stiftelsestilsynet har fått nye kodar for rettleiing og i Stiftelsesregisteret. Mange av kodane til avdelinga for pengespel har blitt endra i tråd med den nye pengespellova frå 1. januar 2023.

Gjennom 2023 har vi jobba med oppgradering av Public 360, som er hovudarkivsystemet vårt. Året blei avslutta med ein intens prosjektperiode for å komme i mål med oppgraderinga, som omfatta nytt brukargrensesnitt og nye funksjonar. Den største endringa var teknisk, sidan løysinga no blei skybasert. Dette vil endre måten vi samarbeider med systemleverandøren Tietoevry på. Gjennom prosjektet har vi fått etablert eit godt grunnlag for dette.

Tabellen på neste side gir oversikt over tal journalførte dokument.

	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Journalførte dokument	30 831	31 679	31 294	62 035	70 367	71 849
Nye saker	6 462	6 994	6 881	18 555	19 301	20 160
Innsynskrav	3 890	5 187	3 813	4 973	3 257	4 035

Tal baserte på rapportane «Dokument: tal journalførte» og «Saker: tal oppretta» og på eiga undersøking og samanstilling om innsynskrav.

Drift og utvikling av Anleggsregisteret



Anleggsregisteret er eit nasjonalt system for å administrere søknader, saksbehandling og utbetaling av midlar frå overskotet til Norsk Tipping. Ordninga handterer om lag 4 000 søknader i året om idrettsanlegg, 200 om kulturbygg og 120 om hytter og løyper i fjellet. Til saman blei det i 2023 delt ut om lag 1,7 milliardar kroner. Det er Kultur- og likestillingsdepartementet som eig løysinga, medan Lotteri- og stiftelsestilsynet står for drift, forvaltning og utvikling.

I alle norske fylke og kommunar er det mogleg å søke om støtte til idrettsanlegg, kulturbygg, hytter og løyper i fjellet. Systemet har dermed mange ulike brukargrupper. Søkarane kjem frå både frivillige organisasjonar, næringsliv og offentlig sektor. Det er kommunane som kontrollerer og prioriterer søknadene, medan fylkeskommunen godkjenner dei.

I løpet av dei siste to åra har vi oppgradert teknologien og funksjonaliteten i Anleggsregisteret. Prosjektet var basert på kravspesifikasjonar frå departementet og har vore ei prioritert oppgåve i heile 2022 og 2023. I tett samarbeid med departementet og testarar frå kommunar og fylkeskommunar har vi utvikla nye funksjonar og gjort systemet meir brukarvennleg.

Den nye versjonen skal etter planen publiserast og settast i drift 16. januar 2024. Denne inneheld fleire nye rutinar for å flytte data over i elektronisk format. I tillegg er søknadsportalen ny. Portalen for rapportering og førespurnad om sluttutbetaling er ein funksjon som brukarane har sakna sidan systemet var nytt, og som no er tilført. Denne portalen dekkjer også krava for å søke om idrettsmoms. Det finst system for revisorane sin kontroll av rekneskap og system der teknikarar frå kommunen kan registrere kontroll av anlegg etter lover og reglar. No gjer både kommunar og fylke delutbetalingar i Anleggsregisteret.

IT-drift og IT-strategi banar veg for bruk av KI

Også i 2023 har informasjonssikkerheit vore eit prioritert område for IT-drift. Vi jobbar stadig med forbetring av sikkerheit og med ein modningsanalyse basert på *Grunnprinsipper for IKT-sikkerhet 2.0* frå Nasjonalt tryggingssorgan. Brukaropplæring, brukaroppfølging og kontinuerleg patching og overvaking inngår i dei daglege rutinane.

Tilsynet sin IT-strategi legg føringar på at vi må redusere kompleksiteten i systemporteføljen. Det krev kontinuerleg vurdering og analyse av nødvendig infrastruktur, noko som vil hjelpe oss både med å forenkle oppgåvene våre og med å forenkle for brukarane.

Etter fem år med same driftsleverandør har vi gjennomført ein anbodskonkurranse for innkjøp av IT-utstyr og IT-tenester. Sidan vi er ein offentlig organisasjon i Distrikts-Noreg, var mesteparten av deltakarane lokale aktørar med nasjonal satsing. Etter ein god prosess valde vi to leverandørar som støttar oss i arbeidet med driftsrelaterte oppgåver.

For å ta i bruk nye moglegheiter knytt til kunstig intelligens (KI) har vi laga interne retningslinjer for bruk av KI. Lotteri- og stiftelsestilsynet nyttar regelbasert, automatisert saksbehandling, men undersøker og testar nye bruksområde for kunstig intelligens.

Start for felles saksbehandlingssystem

Stiftelsestilsynet er den første avdelinga i tilsynet som har vore breitt involvert i arbeidet med å utvikle eit nytt, modulbasert saksbehandlingssystem, som er basert på modulen vi utvikla for kampfiksingseininga i 2022.

Systemet har som mål å forenkle brukardialogen og automatisere store delar av saksbehandlinga. Gjennom 2023 har vi flytta behandling av søknader til Stiftelsestilsynet inn i eit nytt system som er basert på Salesforce. Integrasjon med det oppdaterte arkivsystemet Public 360 og andre relevante offentlege fellesløysingar som SvarUt, Einingsregisteret og Stiftelsesregisteret er på plass. Målet er å redusere tidsbruken for innhenting av informasjon og lagring.

Stiftelsesregisteret har hatt stabil drift i 2023. I 2024 er det planlagt vidareutvikling og overføring til nytt system.

For Pengespelregisteret har hovudfokuset det siste året vore forvaltning og drift. For å sette i gang utviklinga av nytt eit nytt pengespelregister har vi gjennomført ein open anbodskonkurranse for kjøp av utviklartenester til saksbehandlingssystem i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Sopra Steria vann anbodskonkurransen, og vi har inngått rammeavtale med dei.

På grunn av ny pengespellov må ikkje-fortenestebaserte organisasjonar og kringkastarar ha ny godkjenning for å arrangere eller ta imot inntekter frå pengespel. Vi har utvikla eit nytt søknadssystem og forventar å få rundt 5 000 søknader i 2024. I 2024 skal vi også starte arbeidet med å utvikle nytt pengespelregister.

Gjennom 2023 har vi oppdatert integrasjonar av nasjonale fellesløysingar som vi nyttar i systema våre, mellom anna ID-porten og Folkeregisteret. Tilskottssystemet Compus har blitt overført til intern drift. For tilskudd.no deltar vi i eit pilotprosjekt som testar datautveksling via ein ny API. Den nyaste fellesløysinga vi har tatt i bruk, er Maskinporten frå Digitaliseringsdirektoratet.

Vurdering av framtidsutsikter

Gode tenester for brukarane og effektivt tilsynsarbeid er avgjerande for å utføre samfunnsoppdraget vårt. Derfor blir ny teknologi og rett kompetanse viktig i åra som kjem.

Kunstig intelligens og maskinlæring tok eit kvantesprang i 2023. Vi har heile tida ambisjonar om å forenkle og effektivisere arbeidet vårt, både for brukarane av tenestene våre og internt i verksemda. Derfor må vi følge nøye med på dei store teknologiske endringane. I arbeidet med ny verksemdsstrategi vil vi sjå på kva endringar vi må tilpasse oss for å utføre samfunnsoppdraget vårt best mogleg dei neste åra.

Det er naturleg at strategien vi no skal legge, tar opp korleis Lotteri- og stiftelsestilsynet kan førebu seg på nye oppgåver, særleg med tanke på at offentleg sektor har effektivisering som ei viktig målsetting. Strategien skal legge til rette for at vi kan oppfylle krava i framtidige tildelingsbrev på ein god måte. Vi skal også vere klare til å ta på oss fleire oppgåver om departementet skulle ønske det.

Vi må lykkast med teknologisk omstilling

I Lotteri- og stiftelsestilsynet har vi ulike fagområde og fleire ulike brukargrupper. Å lykkast med nødvendig teknologisk omstilling blir derfor viktig framover, og vi har relativt god kapasitet og kompetanse på dette området.

Breidda i oppdragsporteføljen krev at vi er effektivt organiserte, og at vi til kvar tid har rett balanse mellom interne ressursar og tenestekjøp. Ein suksessfaktor er at vi alltid vidareutviklar systemløysingane våre i takt med behov og forventningar hos brukargrupper og tilsette. Svært mykje ressursar går i dag til å utvikle og vedlikehalde effektive og brukarvennlege system for søknads- og saksbehandling, og det skal vi halde fram med. Vi jobbar for å samle det meste av systemporteføljen i eitt felles system. Det vil på sikt redusere både kompleksiteten i og utviklingskostnadene for systema våre.

Berekraftsarbeid og ny kompetanse blir sentralt

Berekraft er eit område det blir sett stadig meir fokus på, også for oss i statleg sektor. Vi skal jobbe systematisk og heilskapleg for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk. Dette tar vi på alvor, og berekraftsperspektivet skal inngå i Lotteri- og stiftelsestilsynets strategiar og handlingsplanar. Vi veit dessutan at arbeid med berekraft og ein tydeleg miljøprofil er spesielt viktig for unge arbeidstakarar.

Dei seinare åra har vi erfart at kampen om arbeidskrafta hardnar til, og det blir viktig å sikre oss rett kompetanse også framover. Organisasjonen har eit sterkt kompetansemiljø, men vi må sikre oss at dette held seg over tid. Brukargruppene og aktørane vi forvaltar og fører tilsyn med, er i stadig endring. Vi må derfor utvikle kompetansen hos våre tilsette tilsvarande. Det blir viktig å kartlegge kva kompetanse vi treng i åra som kjem, og sjå korleis vi kan tiltrekke oss og halde på nye tilsette. Slik kan vi sikre at vi er rusta for å utføre samfunnsoppdraget vårt best mogleg også i framtida.

5

Meir kunnskap om stiftelsar blir viktig framover

Vi trur at samfunnet har behov for meir kunnskap om dei særeigne kvalitetane til stiftelsesforma og stiftelsane si betydning for samfunnet. I 2023 kartla vi norske stiftelsar sitt verdibidrag til samfunnet. I 2024 vil vi undersøke betydninga stiftelsane har for å redusere utanforskap. Funna skal presenterast på Stiftelsekonferansen, som blir arrangert i Førde i slutten av april.

Konferansen er ein viktig arena for nettverksbygging og kunnskapsdeling, og vil handle om kva rolle stiftelsane har i samfunnet, og kva rolle dei kan ta i framtida.

Pengespelområdet i endring

Vi ser at vi i stor grad lykkast med reguleringa vår, og at fleire utanlandske spelselskap trekker seg ut av Noreg. At talet på personar med speleproblem er halvert i Noreg, viser god effekt av arbeidet vi gjer. Den nye pengespellova som kom i 2023, skjerpar innsatsen mot speleproblem ytterlegare og stiller strengare krav til ansvarlege spel.

I 2024 vil vi jobbe for å innføre registrert spel på bingo i tråd med den nye regelverket. Arbeid med utvikling av eit nytt pengespelregister held også fram, og vi vil sørge for at ny godkjenning av ikkje-fortenestebaserte organisasjonar og kringkastarar blir gjennomført.

Digitaliserings- og forenklingstiltak på frivilligområdet

Å forenkle for frivilligheita er viktig for oss. I 2024 skal vi hjelpe departementet i arbeidet med å gå gjennom regelverket for Frivilligregisteret og med andre oppgåver knytte til utvikling av registeret. Vi har også ei sentral rolle i andre digitaliserings- og forenklingstiltak knytte til livshendinga «Starte og drive ein frivillig organisasjon» og tilskudd.no.

I tråd med digitaliseringsrundskrivet er vi opptatt av å finne gode løysingar i lag med andre offentlege og private aktørar. Dette er avgjerande for å nå målet om ein digital offentlig sektor.

Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen

Formål

Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kultur- og likestillingsdepartementet, og er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet. Tilsynet er staten sitt fagorgan på områda lotteri og pengespel, stiftelsar, moms-kompensasjon til frivillige organisasjonar, tilskot til frivilligsentralar og tilsyn med Grasrotandelen. Dei primære målgruppene er frivillige organisasjonar og stiftelsar.

Del II i årsrapporten inneheld ein introduksjon til tilsynet og hovudtal for verksemda.

Stadfesting

Årsrekneskapen er levert i tråd med føresegnene om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kultur- og likestillingsdepartementet i instruks om økonomistyring.

Direktøren meiner rekneskapen gir eit dekkande bilde av tilsynet sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter og inntekter.

Vurdering av vesentlege forhold

Rekneskapen viser at utgiftene i 2023 utgjorde til saman 3 404 193 000 kroner. Ordningane for momskompensasjon utgjør 2 813 082 000 kroner, og vi har utbetalt 224 014 000 kroner i straumstøtte til frivillige organisasjonar og 242 196 000 kroner i tilskot til frivilligsentralar. Utviklinga for dei ulike tilskotsordningane er omtala i eige kapittel og i note 7.

Forbruk på drift var 114 436 000 kroner, mot 109 088 000 kroner året før. Dette gjeld post 01 Driftsutgifter og disponerte forvaltningsmidlar under tilskotsordningane. Vi har disponert midlar under kapittel/post 315/61 og 325/77 knytt til forvaltning. I tillegg har vi disponert 3 millionar kroner under kapittel 339 post 21 til forvaltning av ordninga med tilskot til mangfald og inkludering. I tråd med fullmakter frå departementet har vi disponert til saman 9,09 millionar kroner til forvaltning av tilskotsordningane under dei nemnde postane.

Vi hadde meirinntekter på til saman 3 231 000 kroner på postar med budsjettfullmakter. Meirinntektene gjeld i hovudsak områda lotterigebyr og årsavgift for stiftelsar.

Netto mindreforbruk og overførbart beløp på 01 Driftsutgifter er 1 619 000 kroner. Det er også overførbare beløp på fleire av tilskotspostane i 2023 (note B).

Lønnsutgifter utgjorde 75 859 000 kroner i 2023 (note 2), mot 67 841 000 kroner året før.


Tal utførte årsverk er 75, det same som året før. På overtid brukte vi 776 000 kroner. Det er meir enn ei halvering frå året før. Hovudforklaringa på reduksjonen er normalisering av arbeidspresset etter at kompensasjonsordningane vi forvalta under pandemien, blei fasa ut.

Reiseaktiviteten har stabilisert seg etter pandemien, og forbruket på 2 160 000 kroner er 162 000 kroner høgare enn året før.

6


Vi brukte 9 392 000 kroner på kjøp av tenester til systemutvikling. Dette er ein reduksjon på 5 millionar kroner frå året før, då vi brukte 14 389 000 kroner.

Figuren nedanfor viser utviklinga i driftsutgifter dei seinare åra. Tala omfattar både 01 Driftsutgifter og 21 Spesielle driftsutgifter.



Våre største leverandørar i 2023 var huseigar Futurum (8,4 millionar) og det finske konsultentselskapet Vaadin Oy (7,5 millionar), som vi nyttar mellom anna til utvikling av Anleggsregisteret. Tenestekjøp og utvikling frå 2022 til 2023 er spesifisert i note 3.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er finansiert gjennom avgifter, gebyr og refusjonar. Dei største inntektskomponentane er refusjonen frå Norsk Tipping og årsavgift frå stiftelsar (note 6).



Refusjonen frå Norsk Tipping har lege stabilt dei seinare åra. Årsavgifta for stiftelsar blei prisjustert med 3,6 millionar kroner i 2023.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er revisor og skal stadfeste årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Årsrekneskapen er per dags dato ikkje ferdig revidert, men revisjonsmeldinga er venta å vere klar i andre kvartal av 2024.

Førde, mars 2024

Atle Hamar
direktør

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet er utarbeidd og levert etter nærare retningslinjer i føresegn om økonomistyring i staten («føresegnene»), fastsette 12. desember 2003 med endringar, seinast 23. september 2019.

Årsrekneskapen er i samsvar med punkt 3.4.1 i føresegnene, nærare føresegn i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 og eventuelle tilleggskrav fastsette av eige departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporten omfattar ein øvre del med løyvingsrapport og ein nedre del som viser beholdningar som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporten har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomvære med statskassa.

Oppstillinga av løyvings- og artskontorrapporten er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen.

Rekneskapen følger kalenderåret:

- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapporten er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa er i tråd med krava i punkt 3.5 i føresegnene til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krava i punkt 3.7.1 i føresegnene. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året. Ved overgang til nytt år blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen.

Løyvingsrapporten

Løyvingsrapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen. Informasjonen blir stilt opp etter dei kapittel og poster i løyvingsrekneskapen som tilsynet har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser finansielle egedelar og forpliktingar tilsynet står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonnen for samla løyving viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post.

Artskontorrapporten

Artskontorrapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett for disponible løyvingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og blir derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Note 8 til artskontorrapporten viser skilnader mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa.

Løyvingsrapport for 2023

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2023	Meir- og mindreutgift
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	01	Driftsutgifter	A, B	103 815 000	105 427 478	-1 612 478
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	6 419 000	17 182 629	-10 763 629
0315	Frivillighetsformål	60	Tilskot til frivilligsentralar	A, B	242 196 000	242 195 832	168
0315	Frivillighetsformål	61	Straumstøtte til frivillige organisasjonar	A, B	255 770 000	224 013 774	31 756 226
0315	Frivillighetsformål	70	Momskompensasjon (frivillige organisasjonar)	A, B	2 498 252 000	2 451 520 841	46 731 159
0315	Frivillighetsformål	82	Momskompensasjon (bygging av idrettsanlegg)	A	361 562 000	361 561 482	518
0325	Frivillighetsformål	21	Forsking, utgreiing og spesielle driftsutgifter	A, B	500 000	0	500 000
0325	Frivillighetsformål	77	Kompensasjonsordningar for arrangørar	A, B	26 519 000	2 290 923	24 228 077
1633	Nettoordning for mva. i staten	01	Driftsutgifter		0	7 151 122	
Sum utgiftsført					3 495 033 000	3 411 344 081	

Inntekts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla løyving	Rekneskap 2023	Meir- og mindreutgift
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	02	Gebyr frå lotteri	B	8 695 000	9 446 454	751 454
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	04	Registreringsgebyr frå stiftelsar	B	180 000	260 090	80 090
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	07	Inntekter ved oppdrag	B	7 539 000	18 305 000	10 766 000
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	71	Årsavgift frå stiftelsar	B	27 775 000	30 174 897	2 399 897
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	73	Refusjon frå Norsk Tipping og Rikstoto		46 845 000	46 845 000	0
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	8 370 871	
5700	Arbeidsgivaravgift	72	Arbeidsgivaravgift		0	9 531 987	
Sum inntektsført					91 034 000	122 934 299	

Netto rapportert til løyvingsrekneskapen **3 288 409 782**

Kapitalkontoar

60075901	Noregs Bank KK / innbetalingar	118 687 106
60075902	Noregs Bank KK / utbetalingar	-3 404 218 689
703803	Endring i mellomvære med statskassa	-2 878 199
Sum rapportert		0

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)

	31.12.2023	31.12.2022	Endring
703803 Mellomvære med statskassa	-7 062 663	-4 184 463	-2 878 200

Note A: Forklaring av samla løyving

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla løyving
33901	3 815 000	100 000 000	103 815 000
33921	3 000	6 416 000	6 419 000
31560	0	242 196 000	242 196 000
31561	138 776 000	116 994 000	255 770 000
31570	0	2 498 252 000	2 498 252 000
31582	0	361 562 000	361 562 000
32521	0	500 000	500 000
32577	26 519 000	0	26 519 000

Note B: Forklaring av brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindre-utgift	Meirutgift (-) / mindre-utgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindre-inntekter (-) etter meirinntektsfullmakt (justert for eventuell mva.)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp ¹	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
33901		-1 612 478	-1 612 478	3 231 441	1 618 963	5 000 000	1 619 000
33921	«kan overførast»	-10 763 629	-10 763 629	10 766 000	2 371		2 000
31561	«kan overførast»	31 756 226	31 756 226	0	31 756 226		31 756 000
31570	«kan overførast»	46 731 159	46 731 159	0	46 731 159		46 731 000
32521	«kan overførast»	500 000	500 000	0	500 000		500 000
32577	«kan overførast»	24 228 077	24 228 077	0	24 228 077		24 228 000

1 Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 % av årets løyving på driftspostane 01–29, unntatt post 24 eller sum av dei siste to års løyvingar for postar med stikkordet «kan overførast». Rundskriv R-2/2013 inneheld meir informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Romartalsvedtak

Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33901, jf. Prop. 1 S (2022–2023). Løyvinga under kapittel/post 33901 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post 333902, 333904 og 556871. Det er knytt meirinntektsfullmakt til kapittel/post 33921, jf. Prop. 1 S (2022–2023). Løyvinga under kapittel/post 33921 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kapittel/post 333907. Ubrukte meirinntekter kan reknast med ved utrekning av overførbare beløp.

Overførbart beløp

Lotteri- og stiftelsestilsynet si ubrukte løyving på kapittel/post 33901 er på til saman 1 619 000 kroner, og dette blir rekna som mogleg overføring til neste budsjettår ut frå 5 %-regelen. Beløpet som står på kapittel/post 33921, kan overførast i sin heilskap, då stikkordet «kan overførast» er knytt til kapittel/post. Kapittel/post 31651, 31570, 32521 og 32577 har eit mindreforbruk som går fram av tabellen, og desse postane har stikkordet «kan overførast».

Artskontorrapport for 2023

	Note	2023	2022
Driftsinntekter rapporterte til løyvingerekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	9 706 544	7 561 903
Andre innbetalinger	1	18 305 000	12 735 000
Sum innbetalinger frå drift		28 011 544	20 296 903
Driftsutgifter rapporterte til løyvingerekneskapen			
Utbetalinger til løn	2	75 858 739	67 840 631
Andre utbetalinger til drift	3	46 958 453	48 455 565
Sum utbetalinger til drift		122 817 192	116 296 196
Netto rapporterte driftsutgifter		94 805 648	95 999 293
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingerekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	321	0
Sum investerings- og finansinntekter		321	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingerekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	1 919 452	1 831 937
Utbetaling av finansutgifter	4	6 702	3 095
Sum investerings- og finansutgifter		1 926 154	1 835 032
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		1 925 833	1 835 032
Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	85 310 603	80 696 465
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten		85 310 603	80 696 465
Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten			
Utbetalinger av tilskot og stønader	7	3 279 505 771	2 973 080 419
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten		3 279 505 771	2 973 080 419
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring, konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		136 002	102 915
Arbeidsgivaravgift, konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		9 531 987	8 276 289
Nettoføringsordning for meirverdiavgift, konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		7 151 122	8 557 448
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-2 516 867	178 244
Netto rapportert til løyvingerekneskapen		3 288 409 782	2 990 396 523
Oversikt over mellomvære med statskassa			
Eigedelar og gjeld		2023	2022
Skuldig skattetrekk og andre trekk		-3 138 382	-3 058 713
Skuldig meirverdiavgift		-582 462	-1 087 261
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse		-3 340 979	0
Lønn (negativ netto, for mykje utbetalt lønn, m.m.)		0	9 017
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalinger		-840	-47 507
Sum mellomvære med statskassa	8	-7 062 663	-4 184 464

Note 1: Inntekter rapporterte til bevilgningsrekneskapen

	2023	2022
Innbetalinger frå gebyr, avgifter og refusjonar		
Gebyr frå lotteri	9 446 454	7 347 413
Registreringsgebyr frå stiftelsar	260 090	214 490
Sum innbetalinger frå gebyr	9 706 544	7 561 903
Andre innbetalinger		
Oppdrag med utvikling av Anleggsregisteret	4 950 000	4 200 000
Oppdrag med tilskotsordning for mangfald og inkludering	3 000 000	0
Handlingsplan mot speleproblem	10 355 000	8 535 000
Sum andre innbetalinger	18 305 000	12 735 000
Sum innbetalinger frå drift	28 011 544	20 296 903

Note 2: Utbetalinger til løn

	2023	2022
Løn	61 579 881	56 720 146
Arbeidsgivaravgift	9 531 987	8 276 289
Pensjonsutgifter	6 712 178	3 843 493
Sjukepengar og andre refusjonar (–)	-3 482 732	-2 335 321
Andre ytingar	1 517 425	1 336 023
Sum utbetalinger til løn	75 858 739	67 840 631
Tal årsverk	75	75

Note 3: Andre utbetalinger til drift

	2023	2022
Husleige	7 487 846	6 717 099
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	14 295	192 699
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	1 398 213	1 397 881
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr m.m.	700 820	226 006
Mindre innkjøp av utstyr	58 123	78 989
Leige av datautstyr og system (årlege lisensar m.m.)	6 504 825	5 725 599
Kjøp av konsulenttenester ¹	11 559 677	18 861 714
Kjøp av framande tenester ¹	12 669 913	9 021 352
Reiser og diett	2 160 367	2 001 557
Andre driftsutgifter	4 404 375	4 232 671
Sum andre utbetalinger til drift	46 958 453	48 455 565

1 Spesifisert under.

Våre største leverandører i 2023 var huseigar Futurum (8,4 millionar) og det finske konsultentselskapet Vaadin Oy (7,5 millionar), som vi nyttar til mellom anna utvikling av Anleggsregisteret.

Konsulenttenester og «framande» tenester		2023	2022
Vaadin Oy	Utvikling av Anleggsregisteret og system for tilskotsforvaltning	7 488 000	10 299 178
Universitetet i Bergen	Forsking på speleåttferd, befolkningsundersøking	5 050 000	3 450 000
Agnitio AS	IT-driftstenester, m.a. Anleggsregisteret	1 211 000	826 770
Sopra Steria AS	Utviklingstenester for fleire ulike fagsystem	1 973 000	3 968 405
Sykehuset Innlandet HF	Drift av Hjelpelinjen for speleavhengige	2 034 000	1 239 889
PwC AS	Konsulentbistand til oppdrag med kompensasjonsordning i samband med covid-19	389 000	2 376 224
Oslo Economics AS	Utgreiingsoppdrag for Stiftelsestilsynet	0	527 000
Menon Economics AS	Utgreiingsoppdrag for Stiftelsestilsynet	594 000	0
Sentio Research AS	Halvårlege og kvartalsvise undersøkingar på pengespelområdet	415 000	119 000
iteam 10 AS	IT-driftstenester, nettverksdrift	724 000	1 220 297
Tietoevry AS	Tenester for oppgradering av saks- og arkivsystem	753 000	172 000
Dekode Interaktiv AS	Drift og forvaltning av nettsider	433 000	196 410
Adecco AS	Innleige av vikar på rekneskap		348 588
Respons Analyse AS	Undersøking for å kartlegge kunnskapsbehov hos brukargrupper	247 000	81 000
DFØ	Lønns- og rekneskapstenester, distribusjonskanalen m.m.	288 000	130 142
NTB Arkitekt AS	Informasjons- og rettleiingsprodukt for stiftelsar	0	416 912
Vassbund Consult	Rådgivingstenester på pengespelområdet	0	300 000
Kaiwa AS	Konsulentbistand til strategiprosess	200 000	0
Trigger AS	Informasjonskampanje knytt til handlingsplan mot speleproblem	260 000	250 850
Vest Booking AS	Reklamefilm/informasjonskampanje om ulovlege pengespel	0	260 000
Digitaliseringsdirektoratet	Tenestefinansiering for Altinn	275 000	220 000
Deloitte AS	Revisjon av tilskotsordningar, rammeavtale inngått av departementet	261 093	0
Corporater AS	IT-tenester til system for verksemdsstyring	0	215 688
Andre tenester	Div. tenester, fleire leverandører	1 634 497	1 264 713
		24 229 590	27 883 066

Samla tenestekjøp har gått ned med om lag 3,6 millionar kroner frå 2022 til 2023. Hovudårsaka er ein reduksjon i utviklingstenester og andre tenestekjøp knytte til forvaltning av kompensasjonsordningar under og etter pandemien. Ein stor del av tenestekjøpa er knytte til oppdraga med å følge opp handlingsplanen mot speleproblem og vidareutvikle Anleggsregisteret. Det meste av informasjonstenester gjeld kampanjar knytte til handlingsplanen mot speleproblem.

Note 4: Finansutgifter

	2023	2022
Innbetaling av finansinntekter		
Valutagevinst	321	
Sum innbetaling av finansutgifter	321	0

	2023	2022
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	6 702	3 095
Sum utbetaling av finansutgifter	6 702	3 095

Note 5: Investeringar og kjøp av aksjar

	2023	2022
Utbetaling til investeringar		
Inventar, datamaskiner (serverar m.m.)	1 919 452	1 831 937
Sum utbetaling til investeringar	1 919 452	1 831 937

Note 6: Innkrevjingsverksemd og andre overføringer

	2023	2022
Refusjon frå Norsk Tipping	44 289 168	44 090 634
Refusjon frå Norsk Rikstoto	2 555 832	2 544 366
Avgifter på stiftelsesområdet	30 174 897	25 364 648
Tilfeldige og andre inntekter	8 290 706	8 696 817
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	85 310 603	80 696 465

Tilfeldige og andre inntekter gjeld i hovudsak tilbakebetalt kompensasjon som mottakar ikkje har hatt krav på.

Note 7: Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

	2023	2022
Tilskot til frivilligsentralar	242 195 832	0
Straumstøtte til frivillige organisasjonar	220 013 308	161 223 853
Meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjonar	2 451 577 743	2 030 031 726
Meirverdiavgiftskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg	361 561 482	343 506 760
Kompensasjonsordningar for arrangørar innan kultur, frivilligheit og idrett	177 406	435 218 080
Tilskot til handlingsplanen mot speleavhengigheit	3 980 000	3 100 000
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten	3 279 505 771	2 973 080 419

Note 8: Samanheng mellom avrekning og mellomvære med statskassa

	31.12.2023	31.12.2023	
	Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassa	Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomvære med statskassa	Skilnad
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	537 875	0	537 875
Andre fordringar	75 320	0	75 320
Sum	613 195	0	613 195
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-3 717 914	0	-3 717 914
Skuldig skattetrekk	-3 138 382	-3 138 382	0
Skuldig meirverdiavgift	-582 462	-582 462	0
Anna kortsiktig gjeld	0	-3 341 819	3 341 819
Sum	-7 438 758	-7 062 663	-376 095
Sum	-6 825 563	-7 062 663	237 100



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B – Postboks 800, 6805 Førde
Tlf.: 57 82 80 00
postmottak@lottstift.no
lottstift.no